


Gamalt frå Kviteseid



ÅRSSKRIFT 1986

Gamalt frå Kviteeid


ÅRSSKRIFT
1986

UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

KVITSEID 1986

Innhald

	Side
Kviteseidssongen. Av Johannes Skarprud	4
Føreord. Av Olav Ibrekk	5
Knut Loupedalen. Av Torjus Hemmestveit v/ Torleiv Lid	6
Fedregarden. Av Johannes Skarprud	12
Høye Porsmyr. Av Olav Botnen	13
Då eg var liten. Av Johannes Skarprud	17
Pastor Halvor B. Brekke. Av Eivind Strondi	18
Den gamle selja. Av Johannes Skarprud	20
Sunnhetstilstanden i Kviteseid 1900-03. Av Olav Eriksen	21
Mindeblade. Av Henrietta Florentz	24
Ved Vrådal gamle kyrkje. Av Tor O. Sanden	28
Turid Fiskarbekk. Av Torjus Fjågesund	30
Den store salutten. Av Torjus Fjågesund	33
Skyss-stasjonen på Straand i Vrådal. Torgeir Straand fortel til Olav Ibrekk	34
På heislått. Av Johannes Skarprud	38
Om «farans folk». Av Arne Nordskog	39
Segn og soge langs Kviteseidvatnet. Av Harald Oppebøen	41
Kornmagasina i Kviteseid. Av Tor J. Skarprud	46
Bunadregistreringa i Kviteseid. Av Gunnvor Mandt	51
Kald graut	55
Risen i Striplefjell	55
Rosemålaren Jon Sørensson Sunde	56
Stølsjenta minnest. Av Kristine Gjelstad	58
Kviteseid kommune 1986. Av Johannes Skarprud	59
Lysingar	61



Kviteseidsongen

*Her fagre bygder blenkjer som gull i fedrearv,
og varmt på dei me tenkjer som la det fyrste kvarv
til låge ljorestoga og radde tun ved tun.
Vårt fyrste blad i saga dei skreiv på urudd grunn.*

*Kring liar, mo og reinar i slit tidt sveiten flaut,
dei talar desse steinar som dei or auren braut.
Men løynd gjeng denne talen som draum i unge sinn,
som vårsus gjennom dalen vårt hjarterom han finn.*

*Me Kviteseid aldri gløymer om det på vidvank ber,
for ungdomsminni strøymmer kring ferdi der me fer.
Vil nokon bort oss drive og løyse det som batt,
dei kan'kje roti rive - vårt hjarta legg me att.*

*Ja, fjåge me deg hyller i song og helsingord,
du hjarto våre fyller med kjærleik til di jord.
Og som dei streid dei gamle i fylking for sin rett,
me vil som brør oss samle i syskinlag til eitt.*

*So byggjer me og bøter i grend og gamal gard,
som renning renn av røter vår ungdom - etter far.
- No må me vakne vera - alt gryr den nye dag, -
Me nøgdi hev å gjera. For Kviteseid fram i lag!*

Johannes Skarprud

Føreord

Kviteseid historielag blei skipa hausten 1985. Det er såleis eit ungt lag - og er bare så vidt kome i gang med arbeidet sitt.

Tanken om å få til eit historielag for Kviteseid hadde vore oppe ved fleire høve tidligare, og nokre spesielt interesserte personar hadde gjort førearbeidet til skipingsmøtet.

Eit slikt historielag har først og fremst som føremål å vekke interesse for lokalhistorie og å spreie kunnskap om bygda gjennom tidene. Laget skal også arbeide for å verne dei materielle kulturminna i kommunen og berge den muntlege tradisjonen som ennå finst om liv og arbeid i eldre tider.

Det er difor arbeidsoppgåver nok for Kviteseid historielag - dei ligg og ventar på kvar og ein av oss som bur - eller har sine røter - i denne vakre og mangslungne bygda som Kviteseid er.

Kunnskap om vår lokale historie er av større verdi enn vi til vanleg er merksame på. Det gjeld ikkje minst i dagens situasjon med dei raske endringane vi ser går for seg på nær sagt alle omkverve i heim og bygd - og i vårt daglege liv elles. Den som ikkje kjenner til liv og arbeid til forfedrane, kan ikkje vurdere si eiga tid rett, har ein vismann sagt.

Det ville vere sterkt ynskjeleg om historielaget kunne stå fram som eit aktuelt og interessant lag for folk flest i bygd og grend. Dermed kunne laget få ei brei kontaktflate over heile kommunen.

Denne vesle boka som her blir presentert, er det første skriftet som historielaget gjev ut. Ein vonar det blir godt mottatt, og at det blir fleire etter kvart. Føremålet med slike skrift som historielaget vil kome til å gje ut, er ikkje å syna fram store litterære prestasjonar i dikt og prosa. Det er heller å skape eit heimleg og interessant miljø i lokalsamfunnet, ved å vekke sansen for verdien det har å kjenne vår eiga historie og evna til å sjå korleis bygdelivet utviklar seg og har sine røter i det som var.

Å fortelje om livet slik det var i farne dagar på ein enkel og likefram måte, er ofte det som passar best, og det som folk likar å lese.

Dermed er det også sagt at for å skrive små eller større artiklar i eit slikt skrift, treng ein ikkje vere nokon stor skribent. Det greier seg langt berre med å skriva i vanlege, daglege ordelag. Det er ofte det som blir mest levande for lesaren.

Det er å vone at flest mogeleg vil hjelpa til med å sende inn slikt tilfang til historielaget sine seinare skrifter.

Styret i historielaget valde Arne Nordskog, Harald Oppebøen og Tor J. Skarprud til skriftstyre. Dei har stått for arbeidet med å gje ut denne boka og me takkar dei for det.

Likeins vil me takke Kviteseid kulturstyre og redaksjonskomiteen for boka Kvandagsliv for økonomisk støtte til trykkinga.

For styret
Olav Ibrekk
leiar

Knut Loupedalen

På utsendingsfesten i Telemark Ungdomslagsstemne i Morgedal i 1936 tala Torjus Hemmestveit om denne særmerkte mannen

Litt avstytt, kjem tala her:

Eg var litt i tvil her i sinn, eg tenkte yver hott eg skulde seia som velkomeord til dei mange ungdomane som er samla her til fest og arbeid i Telemark.

Men so kom eg til tenkja på ein mann som eg for min part, set umåteleg høgt. Det kunne ikkje ska, tenkte eg, å fortelje telemarksungdomen om denne mannen, soleis som eg minnest han i dagleg arbeid. Han er nok kjend, men ikkje meir hell som trengs. Det er kanskje fleire av dei unge i dag som kjenner navnet, men sjølv mannen veit dei mindre om, endå han for nokre år sidan var velkjend rundt i bygdene her.

I 1914 blei det gjeve ut eit lite Telemarks festskrift til 70 års dagen av denne mannen.

På fyrste sida stod: Til *Knut Loupedalen* og so kom tri små vers:

«Du stend der rak og lyser som ein varde
ein av dei seinaste i Dølsens gamle garde.

Av gjæve bondeætt som altre er du runnen
og nordmann er du, stød som modergrunnen.


Me takkar deg! for taki tok du tunge,
med dine sytti år – den yngste av dei unge!»

Når eg minnest Knut Loupedalen, so er det jamt med ein ljoskrans kring. Noko kjem vel av det, at alle mine beste båneminne er samanvovne med minni om Knut – og båneminni hev ei underleg makt, veit me, so på fråstand.

Men eg veit ogso at minni om Knut ikkje er bare fargeglade ljusbilete. Dei ligg der nedsekte med ljosramma si djupast inni hugen, fordi han fyrst og fremst var ein personlegdom som hadde evne til å forme inntrykk og stemningar som seint hell aller bleiknar.

Eg hugsar han gamal å seia, frå han var 60 år og framyver. Ei kjempe av vokster. Høg, førlegd og rak. Fødd hovding å sjå til, roleg, tenksam, staut, ein bonde i alt sitt lag med det mest ekte og rotstøe yver seg som hev gjeve bondestandet vyrdnad.

Eg vil helst minnast han i skulestogo, og helst fortelje om det. For skulearbeidet var hovudinteressa hans. Men eg må ogso taka med bokmannen og bonden, og ikkje gløyma mennesket Knut Loupedalen – for når det blei spørsmål om liv isaman med lære – so greidde han den kunsti au langt på veg – for meg å sjå til.



Knut Loupedalen.

Men lat meg fyrst nemne dei enkelte karakterdragi hans.

Stillfarans! Logn! Smålåten og varsam! Fødd ordensmann, nøyen kanskje, ville sume seia – helst dei som likar å fjuske og fante seg gjennom alt. – Velgjort arbeid, i lite som mykje, det nytta kje å koma med anna til Knut.

Han tala lite, bråka aldri, lydde og nikka i samtalor med andre. Ikkje so at han jatta alt, han hadde sin eigen stillslege måte å røde på og fann ord for si personlege meining, soleis at ingen trong vera i tvil kor dei hadde han. Han livde etter ordtaket om at «tale er sylv, men tia er gull», og på den måten kom han ikkje i skade for å forsnakke seg, hell.

Fyrste skuledagen min for Knut, hugsar eg godt. Det er underleg med fyrste skuledagen. Det er fyrste innstiget i ei større verd, og ein vidare ring av livs- vanar, enn heimen gjev.

Det er med borni som det er med kalvane um våren, når dei kjem ut av fjøset for fyrste gong. Mykje ukjent, nytt, rart og uskyneleg å koma bort i.

Eg hugsar i alle fall at eg som liten og blaug både i hug og hått og kropp smaug inn etter syster mi i skulestoga. Det var stimmel der inne. Mange ungar, ljost og varmt. Det glødde heiltupp av den sprekte ovnen med Adam og Eva og Ormen kring kunnskapstreet på fremste ovnsplate. Eit sjug av bånestemmur kring meg som var nykomling og hadde rauk pikluve og stor, god kakeniste i skuletaska. Men det stilna brått då me høyrde Knut i gangen. Dei støe stigi varsla ro. Han kom inn, gjekk burt til kroi ved glaset, tok av seg skorne og skifte på seg breie, heimлага lågsko.

Me kom på plass i benkene - og Knut tok salmeboki.

Me song: «Frygt mit barn den sande Gud.» Denne salma blei inngangssalma mi i skulen. Me song ho vetteren frametter kvar morgon. - Eg høyrer endå toneklangen og kjenner atter litt av den ro og fred og tryggleik eg då kjende. Ja, for det er ei gudsteneste for meg kvar gong eg kallar fram desse minni. Kor hjarteleg han ynskte at salmeordi måtte røte seg i barnehugen. Det gode lyste ut av andletet hans i samsongen med skuleborni so me fekk age for og inntrykk av dei religiøse grunnsanningar på ein eigen, varm måte.

Hott som blei rødt um i den fyrste relegionstimen denne dagen, hugsar eg ikkje. Heller ikkje det som hende seinare på dagen. Men eg kjem i hug at eg gjekk heim so glad om kvelden. Læraren hadde gjennom alt han tok seg til og hadde sagt, skapt eit sterkt inntrykk i meg - dette at skulestoga var ein god stad, ein triveleg stad som eg lengta attende til.

Og so blei det gjennom alle skuleåri. Eg kan ikkje hugse at eg nokon gong vreid meg for å reise på skulen til Knut. Der var det trygt å vera fordi han var der.

Eg kan seie dette for å syne mannen. Det er ofte slik at eit menneskje verkar meir gjennom sitt væsen, gjennom det han er, hell gjennom det han seier og lærer.

Knut Loupedalen var so sjølvstendig personleg innstilla i sitt ytre vesen, at dette bare med å sjå han gange der å rugge, var nok til å skapa sterke inntrykk.

Han blei gådd - ikkje bare av pjåkken i skulestoga, men av kvar og ein i lag og lyd som hev aldri so lite evne til å sjå det sermerkte ved ein mann.

Av det eg no hev sagt, kan de skyne at han var velskikka som lærar. Han prega båneflokken som han prega ungdomsflokken og dei han kom i lag med.

Der Knut ferdast, rådde sømd og god tone. Dei fleste hadde age og vyrdnad for han - so jamvel vyrdlausingen og den agelause gapen, fann det rettast å syne god folkeskikk når han var til stades.

Nokon talar var han ikkje. Tok heller ikkje på med det. Difor glimra han heller ikkje på eksamenar og visitasar. Men ungane på skulen hans var flinke og vel fyrebydde i dei ymse fag - det kunne prestane fortelja når dei fekk born frå dei ymse skular til konfirmantundervisningi.

Det var ikkje um å gjera for Knut å få dei fem seks skuletimane til å gange fortast råd. Han tøygde hell på tidi so han kunne rekkje mest mogeleg - arbeidsglad og båneglad som han var.

Det kunne vera dei som totte Loupedalen var strid av og til. Han gav mykje og kravde mykje - og møtte han trass og motburd, kunne han gneiste i harme. Men det er visseleg rett det eg høyrde ein av elevane hans sa - ein som han hadde hatt bry med av og til:

«Ein veit ikkje», sa han, «kor god ein lærar Knut var fyrr ein blir vaksen og sjølv fær born.» Det var greid og ærleg tale.

No hev eg rødt lenge om læraren, og det ligg kanskje litt utom råma for det som samlar vaken ungdom i ungdomslagi, endå eg må seia at eit godt drive ungdomslag, må drivast som ein god skule, skal det bli greie på det.

Me må no sjå på ei onnar side av Knut's arbeid - samlararbeidet hans - eventyr, segner, alt gamalt og godt og tradisjonsbunde. Han fekk lukke til å samle gjennom eit langt liv.

Han blei gamal, Knut, 78 - mest 79 år, og det er mange dagar. Han var fødd i 1844, døydde i 1923, slutta skulen i 1916, 72 år gamal. Han er av ei gamal vidgreint ætt her i Brunkeberg, Huvestadætti. Ein av desse Huvestad'ane samla i si tid ei segn og stev og eventyrsamling som hev fenge navnet «Huvestadbibelen». Han hadde samlarhugen'som ættearv, Knut, og tidleg tok han til. Kom du gangans forbi skulestoga i utbygdi i Morgedal ein sein vetterkveld i Knut's tid, so brann det ljøs der inne um alle andre var sløkte.

Han hadde for vane å sitja der til langt på kveld med arbeidet sitt. Eventyri skreiv han upp etter gamle forteljarar på kladd, og so pussa han og reinskreiv, valde og vraka ord og setningsmåtar til han på slutten fann ei framifrå form. Han var målmeister reint framifrå. Og han fekk då au i haugevis med brev frå dei mest kjende målmeisterar i landet, der dei takka han for velgjort arbeid.

Han hadde skrive og prenta ymse eventyr i «Fedraheimen», «Den 17de mai» og «Syn og Segn» framigjennom åri.

Karar som Ivar Aasen og Molkte Moe gådde mannen og bad han halde fram. Men han var so smålåten at han torde 'kje gjeva ut noko bok. Det han pusla med i fristundene var lite verdt, meinte han, og han seier då og i fyrirdet til eventyri sine: «Mange er dei som onnar på at eg skal prenta eventyri eg hev samla. Eg hev drygt og drygt og vride meg for det, då eg veit so vel at eg er ingen bokmann og hev lite å gjera på det litterære umkverve.»

Til slutt seier han um segnine: «Segnine eg her prentar, er samla frå ymse stader i Vest-Telemark. Ikkje utan ihug sender eg dei ut. Eg bed um ein mild dom.»

Slik var Knut. Umåteleg smålåten når det galdt han sjølv. Han var aller av dei som lika å åboge seg fram so han kunne bli gådd. I det stille arbeidde han truge, samla tilfang og gav andre verdfull hjelp, - men det måtte ikkje sjå ut som det kom frå han. Han var kanskje altfor varsam i dette stykket.

Eg kan nemne at Rikard Berge hev fenge mykje hjelp av Knut. Dei skiftearbeidde med ymse ting, og Berge veit nok verdsetje Knut's arbeidde på rette måten.

- - - Ellers var Knut litt av ein skald ogso. Han kunne skrive fine vers. Eg nemner «Ei Telemarksgjente» og «Eg gifte meg», som er prenta i «Lurlåt», eit songhefte, samla av Olav Normann.

Dette dreiv han då på med om vetteren her i Morgedal. Um sumaren dreiv han garden sin Loupedalen i Sandalsgreenn i Brunkeberg som reine mysterbru-
ket.

Det var ei heil moro å koma til Loupedalen i Knut's tid, ja, det er det enno, for alt på den gamle garden minner um han, og stend der som det stod og var ordna av han sjølv. For alle som hev sans for vår gamle soge, er det ei heil opp-
living å sjå samlingane der.

Då Knut hadde samla so mykje han fekk rom til i det eine loftet på Loupe-
dalen, kaupte han eit framifrå fint loft på Svanajord i Ordal og flutte det ned. Svanajordloftet er eit av dei finaste i bygdene her. Det er bygt av den kjende bygdekunstnaren Karl Svanajord. Men då garden kom på handel, og loftet på rekom - det såg ut som det skulle bli selt ut av bygdi, kunne ikkje Knut sjå på det.

Han gav 30 tylfter av det største timmeret i skogen sin for loftet, og no stend det i akt og ære på Loupedalen.

I dei tvo lofti er det mykje gamalt. Det er mykje handarbeid i lin - laga av ættemødrene på Loupedalen. Linet er dyrka, spunne, vove eller hekla på garden.

Tvislirbelte av Sterke-Nils og ein lækjekniv er kjende. Lækjekniven er umtala i 17 hundretalet. Det blei sagt um han at det er tekje tvo liv med han, og at han gjekk rundt i bygdi på lån som lækjedom mot sjukdom og ve og verk. Det er heiltupp so det gustar villskap og yvertru inn yver deg når du held han i handi. Det er minningar frå ei tid i bygdene her som ikkje var so god.

Eg kan ikkje her gjeva meg til å rekne upp alt det gamle og gjæve som er å sjå på Loupedalen

Att stend det då å nemne litegrand um mennesket Knut Loupedalen. Korleis han var i umgang med andre - kva han var for andre, hjartelaget og godhugen hans.

Eg vil då med ein gong seia: Han var storstila og gjæv. Mange er dei som kan fortelje at dei søkte råd og hjelp hjå Knut i det stille, og fekk hjelp.

Han hadde råd til å gjeva - og han gav. Han var slik at han unte andre livekår og lykke saman med seg, og han ville at det som fanns av mogelegghetar på gar-
dane og i heimane og grenni, skulle nyttast ut til bate for ætti som sat der.

Det seier seg sjølv at me er stolte og takksame for at Knut livde mesteparten av arbeidsdagen sin her i bygdi. Det er jamt ei lykke for ei bygd å hava godt folk

millom seg. - Han kom her som ungdom. Han var lærar i Dalane nokre år, men då skuleposten i Utbygdi i Morgedal blei ledig, søkte han seg dit.

Knuts arbeidsdag blei lang og signingsrik. Han sette merke etter seg på so mange vis i gardar og grennir.


Han slutta skulen som sagt i 1916. Då fekk han borgardådsmedalja for alt sitt trugne arbeid.

Han arbeidde nokre år i den nye skulestoga som blei oppsett - og treivst der. I vetterhalvåret budde han i eit par små rom ved sida av skulestoga - sat der og stulla med sitt - ein far for bygdi som fylgde vake med - fylgde bygdefolki og skule-elevane sine med dei beste ynskje - frigjord og romsam både i nasjonal og religiøs leid. Eg tenkjer nok at siste verset i songen han skreiv då den nye sku-
len blei vigd, var hjartebøni hans.

*So gjeve huset stande må i mange Herrens år.
Den vesle staden dit me små til alle tider trår.
Gjev alle born den like lut, du Gud, du signe deim,
og når all skulegang er slutt så hent kon alle heim.*

Torjus B. Hemmestveit
v/ Torleiv Lid

NB! Samlingane på Loupedalen er longe flytt vekk!



Fedregarden

Her gjeng eg suiv i gamle ættegarden
der far og bestefar min fyre gjekk.
I fedrefeti sonen etter faren
seg radde fram som luter i ein lekk.
I år og alder på den same jord
hev ætti yrkja her ved Bandak-fjord.

Eg elskar ætti mi. I moldi kviler
dei trygge svemnen etter livsens jag.
Og soli, som dei vernde, enno smiler,
og Bandak blenkjer no som all sin dag.
Og fuglen kved for meg som fyrr og kvitrar,
og same stjerne-venleik glør og glitrar.

Om dei er borte, deira ånd meg følgjer
når gleda smiler og når suti græt.
Og når so dagen min i nott seg dylgjer
og ståket stilnar - ingen tone lèt -
då er dei med meg tidt i søle draumen
og ror meg båten fram mot stride straumen.

So stanar eg her utmed stogehella
som sistemann i denne fedreferd.
Men nytt skal stiga og skal atter kvelda
av dette verta som det var og er.
I ættarkringen skal mitt namn og skine
som blom i kransen millom alle hine.

Johannes Skarprud



Hæge og Høye Porsmyr.

Høye Porsmyr

Høye var ein særmerkt kar, ein mann som enno lever på folkemunne i Kviteseid. Han var født i 1830 og døydd i 1919, so han vart gammal. Han var liten av vokster, men svært spræk. Han lika seg godt mellom ungdomen, og var gjerne saman med dei, både i arbeid og i fritid. Då han var 80 år gammal, hoppa han høgdehopp saman med gutane på Ospefloti, ei flot som ligg tett inntil husmannsplassen Porsmyr, der han budde mesteparten av livet sitt. Han var av Langliætti, og var født på Vadder, ein plass oppe på heii ved Langlid. Som ungdom flutte han ned i Sundbygdi, og rudde og bygde på Moslid, ein plass under Haugen. Mor hans var frå Ståland, som òg var plass under Haugen. Straks etter 1850 gifte han seg med Hæge Tormodsdatter, som var av Gråætti.

Dei budde eit par år nede i Sundbygdi, på Sudbø og Kåsi, og flutte so til Moslid. Dotteri Anne vart født der, i 1859.

Det vart ikkje so lenge han vart verande på Moslid. Han råka ukklar med husbonden sin heilt uforskylt og vart sagt opp. Han flutte so til Porsmyr i 1860 åri. Sonen Tor var født på Porsmyr i 1866, og dotteri Ragnhild i 1869. Porsmyr var plass under Utsund, ikkje langt frå Moslid, og like ved Søndre Haukom.

Grunnen til at han måtte flyta var at han ein vinterdag kappsprang med hesten til Anders Salteveje, husbonden sin. Det var ein hest som Anders meinte var ein god tråvar. Men Høye sprang fortare på hudsko, og husbonden vart so rasande at han slo etter Høye med svipa, og han sa opp Høye frå Moslid. Høye tykte sjølv sagt det var ille. Kappspringingi var den dyraste moro han hadde hatt, sa han seinare. På Porsmyr vart han granne med Søndre Haukom, som Torvald Smeland kjøpte i 1890. Torvald Smeland budde der til 1910, då han kjøpte Haugen, og flutte dit. Eldste sonen hans var Harald Smeland. Han vaks opp på Søndre Haukom, og var mykje saman med Høye. Dei vart gode vener, Høye arbeidde mykje på Haukom og var ein trufast og dugande arbeidskar både i skog og mark. Han var dessutan gravar på Kviteseid kyrkjegard i mange år.

Harald fortalte mykje om Høye til son sin, Torvald Smeland, som so har fortalt oss noko av dette.

Både Hæge og Høye Porsmyr var hjartegode, snilde og hjelpsame folk. Høye var ein trugen arbeidskar, og Hæge hjelpte der ho kunne. Ho hadde eit framifrå minne, og kunne fortelje mange soger og eventyr, noko som konservator Rikard Berge nytta seg av då han var i Kviteseid i 1903–1908. Hæge var født i 1831 og døyddde på Porsmyr i 1911.

Me gjev nå ordet til Torvald Smeland, som er ein kosleg kar, og ein god forteljar.

«Far min, Harald Smeland, voks opp på Søndre Haukom. Han var født i 1886. Straks utanfor Haukom låg Porsmyr, der Hæge og Høye budde. Far vart soleis granne til Høye i 20 år. Dei var gode naboar, gode vener, og hadde svært mykje kontakt med kvarandre. Då far var gutunge, var det å springe bort til Høye både titt og ofte. Hæge og Høye hadde ein uvanleg fin natur. Var det noko dei trong hjelp til på Haukom, var det å springe ut til Hæge og Høye. Far kunne sita å fortelje om hopehavg med dei.

Høye og ein annan kar dreiv timmer oppe på Haukomheii. Dei drog det med stubbeslede. Ned frå heii var det svært bratt, og til vanleg måtte dei seta vrest under sleane. Karen han arbeidde saman med, sette bra vrestar under sleden. Men slikt bruka ikkje Høye. Han sprang på hudsko med lasset etter seg ned dei bratte bakkane. Ein gong hadde karen kome fyri ned bakkane, og Høye kom etter. Ned i bakkane kørde det på, Høye såg den andre mannen framfor seg, og såg han sjølv hadde mykje større fart. Han ropa til mannen at han måtte koma seg or vegen, ellers vilde han køyre på han. Mannen fekk kaste seg ut i fonni på sida av slæpa, og fekk vridt sleden til sides, og Høye susa forbi med sitt lass.

I gammal tid var det ikkje treskjeverk på gardane. Det var å treskje med flygjil. Høye var på låven på Haukom og treskte. Far og broren Torbjørn var inn til han. Høye var den gong ein gamal mann. Han hadde breidt kornbandi utover lå-

ven, for å slå dei med flyggjelen. Gutane spurte han om han vilde gange på hendene, millom kornbandi. Det var ikkje Høye sein til. Han gjekk på fyller (tresko) og dei fylgde med då Høye gjekk rundt på låven på hendene. Han gjekk att og fram mellom kornbandi, og far og Torbjørn sat og kosa seg over sprækleiken hans.

Oppe på Haukomheii var det eit bjørnehie. Ein vinter var Høye og ein annan kar der oppe og hogg timmer. Det var i nærleiken av hiet, og Høye var svært nyskjerrig om det var bjørn i hiet. Han vilde krabbe inn for å sjå. Heldigvis var det ikkje bjørn der inne, og Høye kom snart ut att. Den andre mannen var heilt vitskræmt, det einaste han hadde til å verje seg med var øksi. Då Høye kom ut att, fortalte han at bjørnen hadde laga seg so fint eit lægje. Han låg godt der, meinte han.

Høye hogg ei gong tømmer ute i Brakandalen. Då kom det eit fælende regnver, slik at bekker og elvar voks mykje opp. Høye vart redd for folki sine på Porsmyr og vilde heim for å sjå. Raudåi, som kjem ned ved Holtevik, hadde auka fælt opp, og det var ikkje råd å koma over den. Høye gjekk langs åkanten og lura på korleis han skulde koma over. Ein stad laga åi eit djuv, og her meinte han det skulde vera råd å koma over. Han hivde støvlane sine over, tok fart og hoppa på sokkeleisten over elvi. Han var spræk Høye.

Hopehavet mellom Haukom og Porsmyr, mellom bestefar og folki hans, og Høye og Hege på andre sida, trur eg var so fint som det gjekk an. Far kunne ikkje finne fine nok ord om heimen på Porsmyr. Han kunne ikkje byrje ein sundag finare, ennå reise ut til Porsmyr til Hæge og Høye om føremiddagen. Då var der skura og vaska og fint. Høye hadde stilt seg til sundagen, skifta klæder, og sat borte i kroi ved skiva. Han røykte på den korte kritpipa si. Hæge kom fram med kaffe. Det var ikkje kaker inntil den gongen, slik som det er i dag, men ho kom med koksukker. Far kunne aldri gløyme det gode koksukkeret, og stundene saman med dei gilde folki. Det var feststunder som han fortalte om so mang ei gong.

Noko som fortel om det gode tilhøvet det var mellom far og Høye var, at då far var unggut, måtte Høye jamt ha far med seg, når han var på heii for å hente høy. Han hadde laga ein liten treslede til far, og så fylte dei sledane sine med høy, og drog det heim, anten i slæpe om vinteren, eller på skaren om våren.

I gammal tid var dei flinke til å nytte ut heiane til slått eller beite. Hæge og Høye var på Osestaul, innved Heivatn om somrane, her slo dei, og her hadde dei krætur. Anne og Tarjei Lunde var på Kvennhuslii, ein staule i nærleiken. Far var på Solli og slo, og hadde krætur her.

Desse staulane låg i nærleiken av kvarandre, og om kvelden samlast folki seg ved Heivassosen, og sat og fiska. Høye sat med fiskestongi ved vasskanten og røykte på kritpipa si. Dei andre sat ved sida. Den gong var det svært lett å få fin

og god fiske i Heivatn, og det vart mange gode fiskemåltid av det. Dei kose-
stundene far hadde ved Heivassoset gløymde han aldri.

Ein sommar var det stemne på folkehøgsskulen i Seljord. Far og Torbjørn var
bare unggutane då, men dei vilde so gjerne over for å sjå og høyre. Bestefar sa,
at kunne dei få med seg Høye, skulde dei få lov til å reise. Dei spurte Høye, og
det var ikkje nei i hans munn, anna han vart med. Stemnet vart halde i gymna-
stikken på høgsskulen. Då dei kom inn i salen, vart det fullt hus, og dei vart
ståande heilt bak ved døri. Dette var ikkje noko for Høye, han var nyskjerrig og
vilde sjå. Han vart borte for far og Torbjørn, og far tok til å kikke seg rundt. Då
fær han auga på Høye. Han hadde klatra opp i eit trapets, ein stige på veggen.
Her oppe sat han, og hadde eit svært som godt utsyn. Høye var liten, og kunne
ikkje sjå noko når han sto på golvet.


Jostein Naadland fortalte meg at etter dei hadde flutt til Utsund i
1913-1914, og den fyrste verdenskrigen hadde kome, vart det mangel på so
mykje, m.a. tobakk. Jostein hadde fenge tak i ein rull tobak. Det var fæl to-
bakksnaud då, og Jostein lura på korleis han best skulde få mest mogeleg glede
av rullen. Han fann ut at han kunne ikkje yte den betre, enn å gjeva tobakken
til Høye. Han gjekk opp til Porsmyr. Då Høye fekk tobakken, vart han so glad
at han gret. Han sette seg ned med kritpipa si, og karva i tobakk. Han var so
lukkeleg at tårene rann ned over dei skrukkutte kinni hans.

Eg hugsar seinste gong Høye kom ned til oss på Haugen. Det var ein sun-
dags føremiddag. Det var jamt so koseleg når Høye kom. Då Høye skulde reise
att, tok han feil dør, og han kom inn i ei stoge der det hekk ein stor spegil på veg-
gen. Her fekk Høye auga på seg sølv, og vart nærpå forskrekka. «Kva i all ver-
den er det eg har kome til, eg ser meg sjølv inne i krøane her,» sa han.

Far fylgde Høye langt på veg heimatt. Det var seinste gong Høye var på
Haugen. Ikkje so lenge etter døydde han 89 år gammal.

Eg kjem i hug gravferdi til Høye. Eg var bare 5 år gammal då. Eg sto ute i
tunet og såg gravferdshestane koma ned bakken frå søndre Haukom. Det var
seinste reisa hans. Han vart ført ut til Kviteseid gamle kyrkjegard, og gravlagt
der han hadde vore gravar i mange år. Me veit ikkje kvar gravi hans er. Det er
ingen gravstein som syner det. Eg tykkjer det er trist at ein so særmerkt og fin
kar ikkje har noko gravstein over seg,» sluttar Torvald Smeland.

Olav Botnen



Då eg var liten

*Eg enno ser ho mor ved rokken
som den gong ho ved åren spann.
Eg ser ho skifter garn på nokken
og tøyger tråden jamn og grann.
Og troda dansa, hjulet gjekk
til veggen radd av nysto hekk.*

*So kvad ho kjærleik inn i ueven
med smil imillom kvar ein tråd.
Og modervart den flinke neven
i annsemd streva for oss små.
Å mor, - so varm ein kledning eg
fær aldri meir, som den av deg.*

*Og far der burt i kubbestolen
ved vesle bordet sauma sko.
Eg ser han pinnar slær i solen
i holi der som sylen stod.
Eg ser han sit der i si onn
og strævar for ein flokk med born.*

*Eg desse kveldar aldri gløymer
kvar helst so foten fører meg,
og barneminni mot meg strøymmer
so uskuldslyse på min veg.
Alt dreg - so ferdi alltid ber
til far og mor i stoga her.*

Johannes Skarprud

Pastor Halvor Bjørnson Brekke

Det blir ofte sagt, og med ein viss rett, at det var dei flinkaste og evnerikaste folki som utvandra til Amerika. Men grunnen var vel òg den at bygdane var so overbefolkta at dei rett og slett ikkje kunne brødfø so mange. Gardmann og husmann, unge som eldre, vandra difor ut for å finne betre vilkår for seg og sine. Dei aller fleste klara seg godt i det nye landet, mange av dei blei foregangsmenn, kvar på sine felt.

Ein av dei som merka seg ut i delar av Midt-Vesten var Halvor Bjørnson Brekke. Han vart fødd på Kallåk i Morgedal 28. mai 1868. Foreldri var Bjørn Johannesson Brekke og Ingebjørg Halvorsdotter. Halvor voks upp i ein syskinflokk på ni. Dei fleste vandra ut. Han hadde hug til å gange skulevegen. Etter enda skulegonge, bl.a. eit år på Hamar seminar, hadde han sitt arbeid i heimetraktene. I åri 1888-1893 dreiv han jamvel litt song og musikk-undervisning i Brunkeberg. Men han hadde hug til å sjå og lære meir. Hausten 1893 er han å finne på Bruflat Academy i Portland, N. Dakota. Seinare fór han til Luther Seminary i Minneapolis der han vart ordinera til prest i 1898. Som nyutdanna prest tenestegjorde han i Pennington County der han var i 21 år. Verksam som han var, organisera han på denne tid 13 kyrkjelydar i nærleiken. Det blei etterkvart so mykje at det blei tilsett to prestar til. Dei fekk då kvar sitt distrikt.

I 1899 gifte Halvor Bjørnson Brekke seg med Thea Steinarsdotter Skarprud. Ho var fødd i Wisconsin og dotter av Steinar Johannesson Skarprud og Signe Talleivsdotter. Dei hadde utvandra i 1866. Halvor og Thea fekk etterkvart ein stor barneflokk, 13 i alt. 9 av desse voks upp. Dei fleste busette seg i nærleiken.

I 1920 vart han overtala til å taka mot eit prestekall i Rothsay, Minnesota, der han var til han slutta som prest.

Halvor sette merke etter seg på so mange måtar. Evnerik som han var hadde han so mange interessur. Han hadde eit uvanleg godt minne og gjorde mykje for å bevare dei Norske skikkane. Han var òg god til å skrive og litt av ein poet. Dessutan var han fysisk sterk og litt av ein vågehals. Sist og ikkje minst, han var snill og hjelpsam på alle måtar. Under depresjonen gjekk det so langt at Thea hadde vanskar med å få mat og klær til borni. Han tok ikkje ut full løn, og dela det vesle dei hadde med andre som trong det. Borni undra seg seinare korleis mor deira kunne godtaka alt dette.

Frisk og sterk som Halvor var, dreiv han òg med idrett i fritidi. Han var god både på ski og skeiser, og om sumaren dreiv han med symjing. Han fekk òg borni sine med på dette, og dei hadde mykje moro. Skiene laga han sjølv.

Borni var som oftast med til kyrkja. Vinterstid kunne det mange gonger bli harde turar på prærien i djup snø og kulde. Valborg, ei av jentene, fortel at ho fungera som organist for far sin alt frå 11 års alderen. Ho minnes desse turane

vinterstid, då dei pakka ho inn i saueskinn so ho såg ut som ein «Fuggur». Men som ho sjølv seie det: Eg heldt meg varm som lusi i ein skinnfeld.

Halvor Bjørnson Brekke var ein prest som alle heldt av og han vart kjend vidt om kring. Borni sette òg stor pris på far sin og heimen sin. Han utførde si prestegjerning heilt fram til 1943. Då svikta helsa og han døyde 20. november same året.

Kyrkja stend høgt hjå alle som liver på prærien. Det er som oftast einaste huset dei kan samlast i. Halvor samla folk, og dei minnest han i takksemnd.

Eivind Strondi

NB! Halvor B. Brekke finn ein i Ættesoga under Skare nr.33.



Den gamle selja

Det stend ei kylde selje sudom jordet i ei ur,
og ho er fleire vintrar og sumrar enn du trur,
for den gong eg var liten, alt då ho gamal var,
og bestefar som smågut her fløyte-emne skar.

Kvar vår i flaumetidi når seljeborken gjekk,
sprang me til seljekallen som full av pusar hekk.
Me rake fløyte-emne med tollekniven skar,
men laga gode ljodhol, det fall no på han far.

Men enno skyter sevja kvar vår i stomnen upp.
Ho prydar seg med pusar og lagar blomeknupp,
og tonen enno er der i fløyta som eg skjer.
Den gamle låten liver og like ung han er.

Ja, tonen ligg her enno, som vårvarm sus frå fjell
av farne fløyte-tonar, som lauv um hausten fell.
Den same tonen tullar som den gong me var små,
- eg set meg under selja so still og lyder på.

Johannes Skarprud

Sunnhetstilstanden i Kviteseid kommune i årene 1900-1903

Helt siden 1803 er distriktslegene pålagt å gi årlige beretninger om distriktenes sunnhetsforhold. Disse beretningene gir oss et viktig bilde av lokalmiljøet sett med distriktslegenes øyne.

I «Beretninger om Sundhetstilstanden og Medicinalforholdene i Norge» kan en finne utdrag fra årlige beretninger fra Kviteseid legedistrikt.

Det var ikke bare sjukdom og død som ble registrert i disse beretningene, men levemåten og sunnhetsforholdene ble registrert og kommentert. Det samme gjaldt værforholdene.

En har valgt perioden 1900-1903 da den gir et interessant bilde av Kviteseid.

Bratsberg Amt (Telemark fylke) var delt inn i 7 legedistrikt med en distriktslege i hvert distrikt. Kviteseid legedistrikt bestod av kommunene Seljord, Kviteseid og Nissedal.

Tabell over flateinnhold, innbyggertall, medisinsk personell.

	Flate- innhold i km ²	Folke- tall 1900	Antall leger	Tann- leger	Jord- mødre	Hjelpe- vaksina- tører
1900-1901						
Kviteseid legedistrikt	2256,07	7841	2	-	4	6
Seljord	665,83	3067	1	-	1	3
Kviteseid	712,08	3153	1	-	1	1
Nissedal	878,16	1621	-	-	2	2

I 1903 3 leger, 2 i Kviteseid, 1 i Seljord. Fra 1902 1 tannlege i Kviteseid. Fra 1902 2 jordmødre i Seljord, 1 i Kviteseid, 3 i Nissedal.

Dr. Johan Marius Heidenreich (1843-1934) var distriktslege i Kviteseid legedistrikt fra 1888 til 1912. Han var bosatt på Utsond (?). Han hadde kontorpraksis i Kviteseid og Nissedal. Han var interessert i alt som rørte seg i distriktet, ikke bare medisinske forhold. I senere beretninger finner en tabeller over gjennomsnittstemperaturer morgen og kveld, barometerstand, antall dager med sol og regn i løpet av året. I kraft av sin stilling og sosiale posisjon fikk han et godt innblikk i distriktets sosiale, økonomiske og politiske forhold. Dette kom godt med når han skulle skrive årsberetningen.



Dr. Johan Marius Heidenreich.

Arbeidsoppgavene til distriktslegen var mange og varierte. Arbeidsdagene kunne være slitsomme med lange reiser til fots, sykkel eller med hest. Det meste av tiden gikk med til å behandle og bekjempe infeksjonssjukdommer. Tyfoid, difteri, meslinger, røde hunder, skarlagensfeber, influensa og tuberkulose var de viktigste. Disse kom og gikk i epidemier, mens tuberkulosen var kommet for å bli. I 1900 hadde 118 personer tuberkulose eller tæring i hele distriktet. Lungetuberkulosen var den mest fryktede sjukdommen blant folk. Det var den som krevde flest liv. Ca. 20% av alle dødsfall skyldtes lungetuberkulosen. Smittefrykten var stor og det var vanskelig for distriktslegen å gi gode råd. Tæringsjuke pasienter hadde store vanskeligheter med å skaffe seg husrom eller arbeid. Det ble gjort mye for å spre opplysning om hvordan en kunne hindre tuberkulosens utbredelse, bl.a. trykket oppslag i fylkets aviser. I 1901 fikk Dr. Heidenreich med hjemmel i Tuberkuloseloven av 8. mai 1900 ansatt 5 desinfektrisier, 2 i hver av kommunene Seljord og Nissedal med en årlig lønn av kommunen på kr. 30 og en i Kviteseid med kr. 50 i lønn. Disse desinfektrisene ble mottatt med åpne armer når tæringsjuke hadde flyttet eller døde. De gjorde et nyttig arbeid mot smitteoverføringen. I arbeidet sitt brukte de desinfeksjonstønner som var parafintønner rensset med kalk og kokende vann. Disse tøn-

nene ble innkjøpt på fylkets regning og plassert etter behov i større grender. Flyttingen ble besørget av huseieren. Ved lengre transport eller til fattige, ble transporten dekket av fylket.

I 1901-1902 raste en epidemi av skarlagensfeber i Kviteseid. Dr. Heidenreich beskriver hvordan sjukdommen spredte seg fra Morgedal, hvor 9 husstander var angrepet samtidig, til Tveitsgrend. Epidemien dukket senere opp i Fjågesund og Kilen. Heidenreich har merket seg at alle de angrepne gikk ute selv vinterstid, både under selve sjukdommen og under avskallingen. Det virket som folk ikke hørte på legens gode råd når det gjaldt faren for etterjukdommer.

Skabb var òg svært mye utbredt. Ikke sjelden var hele familier smittet. Det var liten interesse for å gjøre noe med det, selv om en kunne få gratis skabbsalve på apoteket.

Folketallet holdt seg stabilt i distriktet i denne perioden til tross for et ganske stort fødselsoverskudd. Årsaken må ha vært at mange reiste til Amerika, i enkelte grender reiste hele familier. Mange ungdommer forlot distriktet for å søke arbeid i byene. Denne utvandringen førte til mangel på arbeidskraft, særlig om sommeren. I 1900 skriver Heidenreich at budeer er nesten ikke å oppdrive. Mange er nødt til å bortforpakte gardene til eldre folk hvor konen er vant med kreaturstell. Han skriver videre: «Kviteseid med 3000 innbyggere har 18 landhandlere, og som eksportartikler har en kun tømmer i små dimensjoner og noen kreaturer, resultatet må bli tilbakegang i økonomien. Her er ingen industri, ingen utholdenhet i arbeid eller foretaksvirksomhet. Ungdommen reiser derfor til byene eller Amerika.»

For å bøte på dette, ble det satt i gang ulike kurs. Det ble holdt kurs i husstell i 1901. Interessen for kjøkkenhagestell var voksende og i samme år ble det ansatt herredsgartner for 2 år.

Det var flere meierier i distriktet, men alle hadde vansker med driften. I 1903 var det bare et meieri som lå i Seljord. Meieriene i Brunkeberg, Kviteseid og Vrådal var forlenget nedlagt. Heidenreich skriver at årsaken til dette er mangel på samhold. Folk var ikke interessert i meieriprodukter. Folk med kardialgi tålte selv ikke frisk margarin og foretrakk heller sukker på brødet dersom de ikke fikk hjemmelaget smør. Folk drakk heller ikke den separerte melken, men brukte den heller til dyrefôr.

Høsten 1903 ble det holdt en utstilling i Kviteseid for landbruksvarer, meieriprodukter og husflid for hele fylket. Landbruks- og hagebruksavdelingen var godt representert fra distriktet. Dette gjenspeiler en økt interesse og aktivitet på dette området.

Rundt om i fylket var det en økende interesse for offentlige bad og badstuer. Det ville bedre folks personlige hygiene. I 1902 ble det satt i gang bygging av badstue i Vrådal. Fra tidligere beretninger kan en lese at det var 3 private «styre-

bad» i kommunen. I 1903 ble byggingen av badstua i Vrådal stoppet selv om sparebanken hadde bevilget penger til byggingen.

Når det gjelder rusmidler var det et økt misbruk av aromatiske dråper, eddikk, Eau de Cologne, «Dr. Hals» hostemedisin og eter. Eter ble brukt enten blandet i kaffe eller dynket på sukkerbit. Det var innført en bestemmelse om maksimumsutlevering av 20 ml. eter fra apoteket, men misbruket var stadig stigende. Det var ofte omstreifende skreddere og bakersvenner som lærte folk hvordan de skulle nyte ulike alkoholholdige væsker som rusmiddel.

Kilde: Norges Offisielle Statistikk; Beretning om Sunhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge 1900-1903.

Mindeblade

I December begyndte først den egentlige Juletravelhed. Da skulde der vadskes «Storvask» og det både på Klæder og Hus, hvilket var en svært hård Sjau for alle som måtte deltage, og det måtte alle Husets Kvinder, undtagen dem som var optagne med at passe Børnene. Husmoderen havde ikke mindst at varetage, thi hun måtte være allesteds og retlede og hjælpe, både med Vadske, Mad og Børn.

Vi havde en Gang tre Piger som hed Anne, Stor-Anne, Mellem-Anne og Vesle-Anne som vi for at udskille dem, måtte kalde dem. Men, Vadskedagen måtte Store-Anne gjøre fra sig med mindre Puds av Kjør og fjøs. Mellem-Anne måtte innskærpe sit Kjøkkenarbeide til Kaffekogningen om Morgen, da Husbondsfolket og alle andre skulde have kaffe kl. 6 og Dugurden kl. 9. Senere måtte Lille-Anne overtage dette Departement i Forening med Husfruen, samtidig med at de passede Børnene. Når nu Tøjet var vadsket og ophængt til Tørring, so foretoges den sidste Slagting, en Gris, som da blev oparbeidet på vanlig Viis, til Medistermad og Ribber, indgnedne med Salt og Peber, og ophængt på «Buret» (Madboden). Alt Smult rensset, småskåret og vandet, malet og smeltet. Al «Sylte» rensset og vandet, derefter kogt og henlagt i Lage, så den kunde blive «færdig» til Jul. Så blev der lavet Malt, under stadig Undring om det vilde gro godt. Så blev der baget Fladbrød og Lefsekling og så Huset vadsket fra Tag til Gulv. Taget var det værste, thi der måtte Pigerne stå på en



Roeid omkr. 1905.

Stol, og Stolen på et stort Langbord for at række op, thi der var høyt under Loftet. Ovnene måtte naturligvis pudsas før Vaskningen, for da der den Gang ei var tale om støvfri Sværte, så fæg og gjøv det av Ovnene så det var en Gru, mens de pudsedes. Så blev der brygget og baget, tygt Øl og tyndt Øl. Fattigmand, Goro og mange andre Slags Kager, Videre fiint Brød og grovt Brød, Vørterkage, Hvedekage og Julekage. Ak, ja, det var en svær Strid. Og, indimellem alt dette, var der væving av Hverken (Stoff) til Kjoler, eller Dræstøj til Gutte-klæder, og Søm af Klæder, thi alle skulde have nyt, og alt skulde gjøres Hjemme. Væven kom ofte først ned nogle Dager før Jul, og Vadsken måtte rulles og noget af den stryges, så Du forstår, vi havde ikke mange Hvilestunder i den Tiid. Men når alt var over, og alt var vellykket, så var det en stor Glæde, og jeg takker inderlig Gud for Hjelp og Kræfter.

Vi selv, det vil sige, jeg med Frøken og Jomfru (Lærerinde og Husjomfru), samt de største Skolepiger, sad ofte oppe til både 1 og 2 om Natten arbeidende på Julepresenter, thi de skulde jo være hemmelige og Dagen strak ei heller til alt.

Lillejulaften kom gjerne Husmænderne og forærede os en Dags vedhugst. En af dem og Gutten, kjørte gjerne Veden Hjem fra Skoven, medens de andre 2 eller 3 huggede, så det blev en herlig Vedhaug.

Den varede til over Nytårshelgen, og det siger meget, thi de brænder fælt i Kjøkkenet og andre Ovner på Landet - de siger at de har Skoven at tage af akkurat som det ei koster både Tid og Penger at få den både nedhugget, hjemkjørt og ophugget, men der er også ofte forfærdelig koldt.

Julen 1866 reiste vi Landeveien til Christiania, for at besøge Familie. Da var der + 27° Reamur ved Afreisen, og jeg måtte have både Pandetørklæde og Tørklæde om Hovedet, samt Forværkstullup, for ei at skamfryse, foruden Feld over Fodpose. Enda var det ei frit for at vi frøs når vi kom til Stationerne hvor vi hvilte, der var 1½ a 2 Miile og mer mellem hver. Men da vi kjørte med egen Hest, måtte vi hvile nokså lenge, og var derfor på 4de Dagen på Veien. Nu reiser vi magelig på 1½, ja, om Sommeren på 1, men det er jo med Damp både på «Land» og «Vand».

Men, det var jo Juletravelheden, vi talte om. Julaften var næsten min værste Dag med Arbeidet, da skulde sidste Hånd lægges på Arbejdet. Så tidlig som mulig skulde Saltmadgryden over, thi der herskede i Bygden den ufravigelige Skik, at første Juledag skulde Huset have salt Kjød, Flesk og Pølse, med dertil hørende Suppe af Helegryn med Kål og Rødder på, og den måtte koges om Julafestens Formiddag, for da skulde Folkene have «Møljemiddag» dvs. opbrudt Fladbrød, blødt med varm Kjødkraft, som derefter afheldtes, og en hel Mængde «Skuggefedt» af det kogede Kjød og Flesk, fyldes på igen.

Foruden Juledagsmaden, skulde der også koges Rul, Tunge og Oxebryst, der alt er bestemt til Smørbrødkjød i Helgen. Så er det Badningen, å for en Sjau. Jeg selv måtte i regelen gjøre det om Morgen, for senere blev der ingen Tiid for mig, thi efter Middagen, hvor vi også selv tog noget letvindt, måtte jeg begynde at bade Børnene, thi kl. 5 skulde vi egentlig spise Øgtemad, men det blev ofte både 6 og 7. Når Fader og de 8 a 10 Børn havde badet, så skulde Tjenerne. Alle de voksne måtte have samme Badekar. Når folk kom ind, var det Skikken at de skulde have «Laugedram» og Øl. Så samledes vi alle ved Øgtebordet, der var dækket med Kling, Smør, Ost, Sylte, Kjød og flere slags Brød og Kager, samt «Ølskål» med hjemmebrygget Øl, The og Kaffe. Medens nogle af os dækkede Bordet, pyntede andre Juletræet. Dette var gjerne Husfaderens arbeide, assisteret af Læreren eller Lærerinden (Guvernanten).

Når vi så alle havde gjort os tilgode ved det dekkede Bord, så drog vi i højtidelig Procesion ind i Storstuen, hvor Husfruen åbnede Døren. Med Børnene i Spidsen, og det blev en storartet Jubel når alle de små Øienpar fik se på den svære Gran som rak fra Gulv til Tag, strålende af Lys, Leger, Dukker, nydelige nye Slips m.m.m. i alle Regnbuens Farver. Så vandrede vi i en stor Ring rundt Juletræet og lod Børneøjnene riktig nyde Synet. Derefter læstes Juleevangeliet og der var traktering med Mjød og hjemmelavet Viin, Øl og Bakkels, samt Æbler og Confetyrer. Så blev Gaverne uddelt, enhver fik sit, og blev (mer eller mindre) fornøyet. Ingen blev glemt. Husmoderen og Kjøkkenpigen

måtte af og til gjøre nogen små Afstikkere ud i Kjøkkenet, for at se til og røre i «Grøden» thi Risengrynsgrod og Ludefisk var den traditionelle Kost om Juleaften. Men, dette Aftensmåltid fik vi som oftest først nyde mellem kl. 11 og 12.

Ved Aftensbordet blev der debateret og bestemt hvem som skulde til Kirke Første Dag, og hvem Anden Dag, og hvorledes de skulde fordeles på Hesterne. Første Dag tilhørte egentlig Tjenerne, men de blev gjerne fordelt lidt. Alle som kunde, måtte endelig til Kirke i Julen, det var en gammel, men pen og God Skik.


Så var vi samtlige Kvindelige Medlemmer af Huset, så trætte, som vi kunde blive, og var glade ved at takke Herren for Dagen og gå til Ro.

Etterord

Henrietta Laura som har skrive Mindeblade, og sakfører Mathias Florentz gifte seg i 1861. Dei fekk 11 born. Han var ein god del eldre enn henne og døydde på Roeid i 1881. Den yngste av borni var då bare eit år.

Henrietta blei buande på Roeid i over 50 år. Av desse omlag 30 år som enke. Ho kom godt inn i stell av hus og heim i desse åra. I 1895 overtek eldste sonen garden og ho får betre tid. Det er truleg på denne tid ho skriv ned sine Mindeblade. Wilhelm Florentz, som no eig garden, har ingen ting mot at minna henne nar blir kjende.

Ved Vrådals gamle kyrkjegard



Vrådal gamle kyrkje.

Etter fotografi av F. Holst.

Her stod den fyrste kyrkja vår
på Roholdts gamle grunn
og kalla hundravis av år
til heilag messesund
med kjerteljos og klokkeklemt
til ord og sakrament.

Ho vekte folk or syndesvevn,
kom med Guds ord og lov.
Fekk kjærleik bytt mot hat og hevni
og blot og gudehov.
Den seige strid frå heidendom
til ljøs og kristendom.

Ein mur stend att kring kyrkjegard,
med gamalt le' og port,
nedsliten av dei fotefar
frå slegter som kvarv bort.
No veks her gras og mos og lav,
men tuvor syner grav i grav.

Men bjørkelunden svagar
og kviskrar gamle navn,
heilt i frå oldtids dagar.
Her fann dei siste havn.
No er i mold dei gøymde
og navni dei er gløymde.

Til kyrkja her so mange kom.
Dei vandra på sin fot,
for frå synda si å venda om,
for Gud å gjera bot.
Og stette få sin hjartetrong
og love Gud i bøn og song.

Frå einbølt plass med ski og trug
dei trakka opp ei låm.
Dei rodde fjorden lang og drug
i tjørubrødde pråm.
Og når dei so fekk kyrkja sjå,
so tok dei kyrkje-klædi på.

Hit moen kom dei ridande
på gamal øyk og folen kåt.
Her brureferd kom skridande
med stas og felelåt.
Men og av sorga bøygde ned,
når ved ei grav dei sokk i kne.

Men sjølve kyrkjetufti
eg millom graver fant.
Her steig eit tårn i lufti
frå sponklædd åttekant.
Om borte alter er og kor,
ho vitnar enno: Gud er stor.

Det er som salmone og tonane
som steig mot kyrkje-kvelv
ligg att i bjørkekrunene
og i takt med lauvet sjelv.
So enno tonar Herrens ord
frå denne voll av vigsla jord.

Alt brot og synd er sletta
og slengt i Gløymsels hav,
for Kristus han hev stetta
dei strenge rettferdskrav.
So alle dei som vilde hev
sitt fripass og sitt borgarbrev.

So kjem den store dagen
då Kristus kjem i sky,
då alle her i hagen
skal stande opp på ny
og syngja i den store flokk:
Guds kjærleik det var nokk.

Tor O. Sanden

Turid Fiskarbekk, *kjempa som rodde brynestein*

Turid var fødd i Brunkeberg i 1771 og vart gift med Olav Snæreson Fiskarbekk. Dei hadde 8 born, men bare 4 voks opp.

Det blir sagt at Turid var både stor og sterk og modig, og dette var nok eigenskapar som var ekstra gode å hava på den tid ho livde. Ho vart då ogso 94 år gamal, ein verkeleg høg alder i ei tid då mange av kvinnene døde i barselseng, og dei fleste andre sjeldan opplevde stort meir enn 70 år.

I og med at ho vart buande på Fiskarbekk som ligg nede ved Flåvatn hadde ho kome i nærkontakt med den store ferdselsåra millom dei øvre og nedre delane av Telemark. Denne vassvegen som strekkjer seg som ei einaste flate i nærare 7 mils lengde frå Dalen til Strengen har til alle tider vore nytta som veg for nær sagt all slags trafikk, både med folk og vare. Og dei viktigaste varene frå innlandet har vore tømmer og – stein. I meir enn 1.000 år har det vore frakta brynestein, ogso kalla hardstein, frå Dalen til Skien der den vel vart omsett meir i detalj av lokale våpenhandlarar. For det vart sikkert som våpen den vart mest brukt, og kan vel seiast å vera ein primitiv forløpar for handgranaten.

Sjølve våpenfabrikken var i Eidsborg, og merkeleg nok har ein aldri høyrte om at det har stått noko uhygge av denne bedrifta sjøl om våpna derifrå sikkert har slege inn pannebrasken på mang ein hærmann, kasta som dei vart av ville berserkar som var stappfulle av mjød og flugesopp.

Ein må tru at «brynesteinalderen» vara heilt fram til kruttet vart oppfunne, og som gjorde det mogeleg å gjera det av med kvarandre på lenger avstand.

So seint som i 1395 ser ein av ei rettssak at deildegasten, drapsmannen og kjeltringen Grjotgard Nikolasson i Kilen vert dømd til å betale til både bisp og ombudsmann i Skien tilsaman 48 skippund hardstein som det vert kalla. Dette var straffa for visse brotsverk han då hadde gjort. Han fekk 3 år på seg til å frakte desse 8 tonn stein frå Dalen og heilt fram til Skien.

Difor må ein tru at det har vore ein livleg trafikk med denne vara nedetter vassdraget. Ein del av steinen har ogso hamna i bygdane langs fjorden, for det er ikkje sjeldan at ein finn slike gamle steinar i åkerjorda, og dei er vanlegvis for harde til å bruke som bryne.

Men me må ikkje gløyme bort Turid og hennar forhold til det som har med brynestein å gjera. Før sa dei om enkelte menneskje at det var godt grjot i dei. Det tydde vel nærast at dei var harde som stein (grjot), slike som det ikkje beit noko på og som gjerne kunne tala med skjemt om sine sår, som Åsmund Olavson sa. Og ei slik type var nok Turid. Det vert fortalt at ho tok på seg eit so mannsdominert arbeid som å ro brynestein etter fjordane, og ho trong sikkert

ikkje noko slikt som moderne bodybuilding for å gjera det. Ho var som skapt til dette, utstyrt som ho var med ein mektig korpus og kjempekrefter.

For å få med seg mest mogeleg av denne tunge vara måtte dei vel bruke store pråmar eller ferger, so det skulle både krefter og vilje til for å ro dei nærare 7 mil kvar veg. Og den gong som no blåste nok vinden like ofte mot som med.

Ein gong hadde Turid henta ein steinladning på Dalen og kom heim til Fiskarbekk om kvelden og overnatta der. Det var då att ca. 1½ mil til Strengen, og dit ville ho ro neste dag. På morgonen hadde det blåse opp med hard vind, og folk åtvara Turid mot å fara vidare med søkklasta pråm i slikt vær. Men Turid var ikkje skvetten av seg og meinte ho skulle greie det, og so la ho i veg. Eit stykke ute på fjorden er der ein liten holme, og i den stride vinden og dei kraftige bylgjene klarte ho ikkje å styre unda denne. Pråmen tørna mot holmen, og Turid leid her omtrent same skjebne som Terje Vigen, om enn i noko mindre dramatisk form. Det var det fyrste forliset, og det var totalt nok. Seinare var ho ute i eit mykje verre forlis som me skal høyre om.

Pråmen sokk altso med heile lasta, og den dag i dag kann ein sjå brynesteinane på botnen ved holmen som frå den tid vart kalla Pråmsteinen. Men Turid fekk kara seg til lands på ein måte, og ho gjorde visst ikkje meir av denne seilassen enn at ho heldt fram med å ro brynestein i lange tider etterpå.

I Fiskarbekk var det som alle andre stader vanleg at dei sat på heii eller på staulen med kyne om sommaren. Turid tok òg sin tøm som hjuring og budde då på staulen i lang tid. På denne staulen budde ogso eit par tømmerhoggarar, og bae to var uvanleg kranglevorne. Dei let aldri eit høve til munnhoggeri og trette gå frå seg, korkje seint eller tidleg. Turid vart leid av å høyre på alt dette gnåket millom dei, og til slutt so sprakk det for henne. Ho tok kvar av dei i nakket med hendene og gnika ansikta deira mot kvarandre, og so forlanga ho at no skulle det vera slutt på denne kjeftinga. Og det vart slutt. Dei ville nødig hava ein omgang til av slik handsaming.

Elles hendte det nok òg at mannfolka tok seg ein tår for mykje, og det kunne bli både kyting og skryting og uvennskap. Men då var ikkje Turid sein med å seta slåsskjempene på plass og meinte på at dei måtte oppføre seg skikkeleg i hennes hus.

Endå ein liten historie vitnar om Turids kjempekrefter. Ein dag kom det bod frå hjuringane at ein ukse hadde falle ned i ei myrsump, og om Turid kunne koma og hjelpe til med å få han opp att. Turid var straks viljug, fór av stad og kom snart til staden der uksen låg. Ho var snar i vendingen, greip tak i ein busk som sto der med den eine handa, og med den andre tok ho eit godt tak i det eine hornet på uksen. Og dermed gjorde ho nett som Svarterabben då han hjelpte merra opp av veita. Ho gjorde eit kraftig rykk, og på ein augeblink var uksen på fast mark.

På Fiskarbekk var det heller lite jord. Familien auka, og det galdt å vera mest mogleg sjølberga med mat. Utvegen var å seta i gang med å dyrke ny jord, og Turid med sitt pågangsmot tok til med nybrotsarbeid. Det skulle seig vilje og stor arbeidslyst til for å drive med slikt i den tida. Alt saman måtte gjerast manuelt med hakke, dårleg spade og trillebår, og dertil mykje lyfting og bering, so det var i det heile eit slitsamt og tidkrevjande arbeid.

Det vert fortalt om ein mann som dreiv med åkerbrot på denne tida, at han sette opp ei brennevinsflaske i enden av åkerlappen. Kvar gong han kom fram med ei ny remse, eller von som det og vart kalla, so tok han seg ein god slurk av flaska. Dette var nok meint som ei primiering for godt utført arbeid samtidig som det stimulera til ny innsats. På bakgrunn av dette kan ein også godt forstå mange slike som levde sitt liv i eit einaste slit og den største armod, at dei kalla det ei «ljoske» når dei tok seg ein velfortent rus ein gong iblandt.

Men Turid hadde livsmot nok, og braut med eigne hender opp eit jordstykke som visstnok enno vert kalla Turidsåker.

I 1829 mista Turid mannen sin etter å ha levd saman i 32 år. Turid var då 58 år, men ho var ikkje snauare enn at ho skaffa seg ein ny mann. På denne tid hadde utvandringa til Amerika kome i gang og mange vart oppglødde ved tanken på milevise prærar med god åkerjord i forhold til sine eigna begrensa og karrige jordlappar.

Turid og Aslak, som den nye mannen hennar heitte, fekk ogso lyst til å reise til Amerika. Dei streva og gjorde seg i stand til den lange reisa og til eit liv langt borte frå heimlege trakter. Dei tok farvel med moderlandet frå dekket på ei staseleg skute som skulle føre dei til den nye verden. Ferda skulle gå om England, men i Den engelske kanal rauk det opp til ein veritabel storm, og der opplevde Turid sitt andre store forlis. Skuta gjekk visstnok ned, men ein fransk båt kom til hjelp. Ein veit ikkje kor mange som vart berga, men i alle fall kom Turid og Aslak frå det med livet. Dei var ført med til Frankrike, og derifrå vendte dei like godt attende til gamlelandet og til Fiskarbekk. Der levde dei då i mange år til 1865. Då døydde den foretaksomme dama, som sagt 94 år gamal, og det er bragdene hennes og fargerikdomen ved henne som gjer at ho er blitt hugsa, og som ein har prøvd å minnast opp att her.

For ein del år sidan skreiv eg eit dikt om ein gamal kall, og fyrst no medan eg arbeidde med denne forteljinga fann eg ut at denne kallen var Aslak i eigen person. Han hadde vorte einsam og hjelpelaus då Turid vart borte, og det enda med at han vart sett bort på legd som det heitte. Han budde då i Oddestoga ved Fjågesundstraumen, og det var der den episoden hendte som er skriven om i diktet og som får vera ein dramatisk avslutning på forteljinga om eit minnerikt liv.

Torjus Fjågesund

NB! Turid Fiskarbekk finn ein i Ættesoga under Sámundsson nr. 13.

Den store salutten

*På tunet sat det ein gamal mann
i ein kubbestol, mykje eldre enn han,
og litt rultne det var dei nå bae to,
men det var slik ein stas sita der og glo.
Og tunet det var korkje breidt eller langt
og skråna det gjorde mot vatnet so blankt.
Nokre alen det var ned til pråmstøa hans,
so ein stad som var betre, det ikkje fanns.*

*Og gubben sat det og kosa seg
i ei vårsol yr som var lenge på veg
over dalen den tronge med nutar og skar
so på sudsida odden so varmt det var.
Og nett bakom neset gjer vatnet ein sving
og stupbratte fjellet med urer omkring
renner foten sin ned i den brådupe fjord
knappt to hundre alen frå kallens jord.*

*På fjorden gjekk det på den tid båt,
ikke motordur, men ein unaleg låt
ifrå dampmaskin og frå skovlehjul,
og frå skorsteinen kom der iblandt eit ul.
Sankt Olav han heitte og var slik ein kar
at sjøl krutt og kanon der blandt utstyret var.
Fyrste turen om våren han skaut ein salutt
som betydde at no er då vett'ren slutt.*

*Og det du les om i desse vers
det hende kring atten og seks og halufjers,
då var båten på fart rundt det same nes
og kanona ho dundra og fløyta bles.
Det braka og ljoma frå fjell og til fjell,
sjøl torevær kunn' ikkje laga slik smell,
og den kallen han kvakk so av stolen han datt
for i farten han fekk ikkje halde att.*

*Og kall og stol ja dei trilla fort,
til å stogge var tunet so altfor kort.
Av slik solsteik og rulling var gammelen duask
so dei landa i vårkalde vatn med plask.
Og stolen den flaut, den var laga av kubb,
men verre det var for ein skrøpeleg gubb
for han hadde seg lauga den siste jol
i ei balje og utan ein kubbestol.*

*I vatnet var det so kaldt som is,
men han greidde å halde seg opp' på eit vis
med han gaula og skreik etter folk med reip,
so dei skjona at dette nok ikkje var fleip.
Og kallen vart berga til lands i ein fart,
då sansa han seg og so kom det litt rart:
Ja, nå slepp eg å lauge meg nest jol
i ei balje og utan ein kubbestol.*

Torjus Fjågesund

Skyss-stasjonen på Straand i Vrådal

Torgeir Straand fortel til Olav Ibrekk

Vegloven i 1824 var med og laga grunnlaget for skyssordningar rundt om i bygdene. Vegane blei oppdelt i såkalla roter, og skyss-stasjonar kom der rotene møttest – ofte blei det skyss-stasjon ved vegkryss. Ordninga med skyss-stasjonar heldt seg heilt til bilane overtok skyssen i siste halvdel av 1920-åri.

Skyss-stasjonen på Straand begynte i 1860-åri og kom etter at skyss-stasjonen på Lønnemoen var nedlagt. Ein slik skyss-stasjon skulle køyre dei reisande – det var nå helst handelsreisande – agentar.

Dei som hadde ein slik stasjon, hadde ei fast løn frå amtet (seinare fylket) for å halde hestar. Heime på Straand var det to hestar, og ein tredje i reserve, som skulle vere klare til ei kvar tid. Hvis hestane var ute i skyss, hadde ein ikkje plikt på seg å skaffe skyss. Men var det hest til stades, måtte ein ut, enten det var dag eller natt, vetter og sommar.

Det var lange avstander å køyre. Rotene som gjekk ut frå Vrådal, hadde forskjellige lengde. Me køyrde til Vik og Nordbø i Nissedal 18 km, til Dale i Tørdal 18 km, og inn til Kviteseid 14 km, der ferja me om sommaren og køyrde på fløtbrui om vetteren. Den lengste roten var til Rindebakken i Hauggrend i Førddal 33 km. Denne blei seinare flytt til Haugane, det var vel i 1918, synest eg minnst.


Men den verste roten var til Dalen. Mikkjel Flatland i Vråliosen, som hadde forretning og mange hestar, skyssa mykje. Men han hadde ikkje skyss-stasjon, så han hadde ikkje plikt på seg til å skaffe skyss. Det hende det ikkje passa for han å skyss, og då måtte me køyre til Dalen 44 km. Dette var ein dryg rote, og me overnatta på Dalen. Men når me køyrde til Haugane, var det att og fram på dagen – det var hardt – det var 33 km kvar veg.

Det kunne synast som det var hardt å vera hest på ein skyss-stasjon, men hestane blei trenar, så dei syntest ikkje gjere stort av det. Det nytta ikkje å sette inn utrena hestar i skyssen.

Me brukte både unge og gamle hestar, men det blei rekna at dei burde vera minst 5 år gamle før ein sette dei inn i hard skyss.

Det viste seg at dei hestane som var hardast til å halde ut, var kryssnings-hestane. Kryssing av fjord- og dølehest. Av slike kom det fleire i hestedriftene frå Vestlandet – med hestehandlarar – som kom både høst og vår. Kjende hestehandlarar var Johannes Blikra, Lars Fimland og Erik Kjelmeland.

Slike handelsmenn som kom over fjellet frå Vestlandet, blei kalla «normenner». Men desse normannshestane var utrena når dei kom, så dei måtte både køyrast og forast forsiktig frå fyrst av, elles kunne dei bli øydelagde.



Straand hotell 1914.

Skyssgutane er frå venstre: Frank Nilsen, Olav og Torgeir Straand.

Eg veit me hadde ei blakk hoppe – ei kryssningshoppe, som me kalla Bøblakka. Ho var usedvanleg uthaldande. Ho kunne gange i dultetråv att og fram til Nissedal utan å gjera det grand av det. Men ho blei nå rekna for å vere noko serskilt.

Det var ofte gutongar og halvokstringar som var skyssgutar. Det var helst me gutongane på Straand som skyssa, men også gutongar frå andre heimar fekk oppdrag som skyssgut. Det var morosamt å skyss, men det kunne vere slitsamt mange gonger når det blei seint om kvelden.

Me blei godt kjende med hestane, og det var gjennom åri mange hestar me hadde ekstra godhug for og blei svært glade i.

Far handla mykje hestar, og det var for oss ungar mange vonde stunder med tårer i augnekroken når ein av våre kjære hestar blei handla bort og reiste i hestedrifta.

Det var mange hestar på Straand – som regel 8-10 vaksne hestar. Dei som ikkje blei brukt til skyss, gjekk i skogskøyring og lasskøyring og anna tilfeldig arbeid.

Køyreteøyene me brukte i skyssen var forskjellige. Om vinteren når det bare var ein mann, så var det spiss-sleden, den var lettast, og så var det sluffe når det

var fleire. Var det nokon reisande som ville ha det riktig bra, var det breisleiden, men den var tung for hesten.

Om sommaren var det karjol. Der sat *ein* mann framme, og skyssguten bakpå. Giggan hadde sete for to framme og kuskesete. Dei sværaste giggane var sokalla vossegiggar.

Men så var det også nokre kjerrer som det ikkje var fjærer på – som blei kalla Morgedalskjerrur – som blei bruka ein del. Dei var lette for hesten, men dei var ikkje så behagelege å sitte i, for dei hadde bare eit sete som bevega seg – og ikkje fjærer. Det er ein skrott av ei slik Morgedalskjerre på bygdemuseet i Kviteseid.

Det var ein del av desse køyretøyene som blei laga i bygda, men dei fleste blei nok kjøpt utanfrå. Reparasjonane derimot, dei blei gjort av folk innen bygda. Reparere kjerrer gjorde Olaus Strømsnes og Kilen i Kviteseid. Kilen laga også ein god del ny reiskap og køyretøy. Det var Andreas Utsond som laga treverket til hjul, kjerrer, sluffer og timmersledar, og Kilen beslo dei.

Prisane som blei brukt for skyssinga, var forskjellige. Når det var *ein* mann, så var det 17 øre kilometeren, fram til første verdenskrig. Då steig det. Var det to personar, blei det rekna som halvannen skyss, som dei sa, men var det *tri*, var det dobbelt skyss – altså 34 øre.

Men det var ikkje bare personar me transporterte, dei hadde også gods. Enkelte av dei handelsreisans kunne ha heile kuffertlassi, så ein om vetteren måtte bruke langslede, og om sommaren 4-hjulsvogn, for å få alt med.

Me dreiv også varetransport over Kviteseidheii. Det var betydelege varemengder som skulle transporterast frå Smeodden over heii og ned til bryggja i Vrådal. Varene frå Skien som skulle til Nissedal, måtte køyrast over heii. Dette sammen med dei varene som skulle til Vrådal, blei mykje godstrafikk.

Tørdølane henta varene sine på Smeodden sjølve og køyrde over Tørdalsheii. Dei gjorde som regel 3 turar pr. veke, og overnatta på Straand. Dette var før vegen blei ferdig frå Fjågesund til Grova i Tørdal. Den kom visstnok i 1916.

I denne varetransporten brukte me om sommaren 4-hjulsvogn eller ei alminneleg godskjerre, som me kalla dei. Denne hadde 2 hjul. Me lesste vanlegvis 5 tunner på lasset, og gjorde 2 vendingar om dagen. Om vetteren brukte me langslede.

Skyssstrafikken gjorde det naturleg å ta imot overnattingsgjester på skyssstasjonen. Det var slik begynnelsen til hoteldrifta på Straand tok til. Skyssstasjonane hadde ikkje plikt på seg til å skaffe overnatting, men det fall naturleg inn i virksomheten.

Då bestfar min begynte her på Straand, var det bare ei gamal stoge med 2 rom i. I 1880 blei det bygt ny bygning. Denne blei seinare påbygt, så han blei nokså stor. Denne bygningen var det som brann i 1925.

I åra fram til ca. 1900 var det nærmast ei form for gjestgjevarvirksomhet som blei drive på Straand. Men deretter gjekk det over til hotell.

Dei som overnatta, var helst handelsreisans og embetsfolk som var på reise oppover i bygdene. Doktoren reiste også mykje – serleg var dette tilfelle i spanskesjuken – då den herja som verst under første verdenskrigen.

Etter århundreskiftet tok turistane til å kome. Dei måtte hentast på Smeodden.

Det var i desse tider ei spesiell gruppe reisans – som blei kalla fantefylgje, som for frå bygd til bygd. Desse fantefylgja reiste med eigne hestar, og dei handla hestar både titt og ofte.

Ein gong kom det eit slikt fantefylgje til Staand, med ein fant som heitte Johan Palm, og kravde overnatting, og fekk det. På Straand var eit serskilt rom for den slag overnattingsgjester.

Far hadde på denne tid ei blakk hoppe som braut i beini – som ein kalla det. Og Palm ville handle hestar – han hadde ein stor brun hest – som nok ikkje var av dei mest godlynte.

Om morgonen skulle Palm ta ut hesten for at far skulle sjå på han, og då dei kjem ut frå stallen, kjem Palm føre og hesten etter i full fart. Øyro på hesten låg flate bakover nakken, og bort over tunet med dei baa. «Eg synest du er redd han au, eg,» sa far. «Å ja, livet er kjært om det er bare ein fant,» svara Palm.

Men far handla til seg denne hesten likevel, han, og hadde han i mange år. Vond var han – men han gjorde ikkje skade på nokon den tidi me hadde han.

Gjestgjevarvirksomheten, og seinare hoteldrifti, kravde mykje arbeid både seint og tidleg. Det var mor som tok hovudtyngda av det arbeidet og ansvaret som fylgde med dette. Far var fullt opptatt med skogsdrift og gardsdrift og elles med styring og stell av skyss-stasjonen.

For mor blei det lange arbeidsdagar og mange tunge tak. Ein kan i dag, med tekniske hjelpemidlar til nesten alt slag arbeid, knapt tenkje seg til korleis det var å drive gjestgiveri eller hotell utan elektrisk kraft. Det var vedkomfyren og parafinlampa dei hadde å hjelpe seg med. Ikkje maskiner til klesvasken eller oppvasken, og kjøle- og fryserom var ukjende ting. Det einaste dei hadde til kjøling var ishuset. Her blei det om vetteren lagt inn isblokkar innpakka i sagflis. slik kunne is halde seg utetter sommaren og brukast til kjøling.

På Straand var me ein stor barneflokk som mor hadde å stelle for. I tillegg var det mange arbeidsfolk som hadde kost – og på toppen av det heile kom det reisande, både embetsmenn, handelsreisans og andre personar, til alle døgnets tider. Mat skulle dei ha – oftast varm mat når dei kom kalde inn frå skyssturen – endå om det kunne vere langt på natt.

Det er for meg i dag uforståeleg korleis mor kunne få tidi til å strekke til. Det kunne i alle fall ikkje bli mange av døgnets 24 timar som kunne brukast til kvild.



På heislått

Dei skárar på Listaul han Kåre og Dreng
og raudleitte Ásne fær riva i sleng.
Á du meg, slikt ljábit! Høyr tinndølen syng
i stálharde finnen og blómande lyng.
Og soli ho skin.

Dei finsopar tuvor og rantar og dokk.
Og burte frá Hågehov lydest det lokk.
Hå! jaumenn hev Nigard'n au kome med.
Det er fulla Signe som lalar og kved.
Med soli ho skin.

Á hei, sa han Kåre. Á hopp, sa han Dreng,
i kveld me i fylgje til Vårbuli gjeng.
Der dansar me halling til morgonen ratt,
med solgull på Skrefjell då kjem me her att.
I soli som skin.

Á du meg, for høyturk! Dei balar og ber
og byrd etter byrd gjennom selsdøri fer.
Det ryk upp frá pipa og minner um mat.
Der inne driv Ásne med kurs og med fat.
Og soli ho skin.

Ja, no er det slåttonn i heiane, gut!
Og livet ligg draumvent, og lukka held ut.
Og no vil me stuka med drosin i kveld,
for sumaren er då det likaste lell.
Med soli ho skin.

Johannes Skarprud

Om «farans» folk

Då eg var ein liten gutonge, var det rett som det var «fant» uppetter Strauman. Ja, dei blei kalla Fant, men eg kan ikkje hugse anna om dei enn at det var moro og spennande når dei kom.

Eg vil prøve å fortelje litt om det eg hugsar best.

Det var: Sveinom og Lussi med den vesle svarte «bikkja». Gamle var dei bae to, han stor og ho liti. Han med grått hår og skjegg, når eg ser han for meg nå, minner han meg om Hemingway, ein godskeleg «bestefar». Og som han kunne fortelje! Me ongan krydde rundt han, nede på låvebroi, der han sat, med den rare skreppa si. Ha aller sett nok slikt før, den var bortimot meteren lang, og 35-40 centimeter høg, og breida bortimot 30 centimeter. Her hadde dei kledi sine, sengekledi og. Den måtte vera gjord av tykt skinn, for den var so fin på laget hugsar eg. Det var reimar på, so han bar den som ein ryggsekk – han «ruvde» fælt når han fekk den på ryggen.

Ein kunne sjå kven som kom, om dei var heilt nede på «Nigarsfløti».

Eg hugsar endå ein historie han fortalde om Bellman. Vi de lesa den? Javel: «Bellman hadde fornærma Kongen av Svearike ein gong, med skriveriet sitt, so kongen blei sinna, og sende ein av tenare sine til Bellman med ordre om å drite på golvet honoms. Tenaren kom han, og las ordren. Ja, sa Bellman, drite kan du, sea kongen hev befala det, men pissar du ein «enda» drope, så skyter jag» . . . Det er rart som ting kan site du!

«Klokke Johan» og Maria, og Josefine, jentongen deira

Klokke Johan og Maria. Han var av «Storjohansfamilien», ho var nok óg ein ekte vandrar. Han var ein høg, slank og leug kar, med svart hår og ein fin bart. Han var full av klokkur, både i jakkelommur og vestelommur – med «sylvband» over magen. I indrelomma på jakka hadde han verktøy til reparere med. Klokkeur som «sto» var det nok nokon kvar stad. Men utanom all «pargassen» hadde han óg ein stor rull hesjetråd.

Når slike reisandes kom heim, sa dei: «Nå har vi bett hele veien om hus for natten, men alle sier nei – men gå til den øvrste plassen, til Uppistugu, så får dere sikkert hus.»

Det var frå «Almannvegen», ute ved Spjotsodd dei hadde kome, eg kan aldri hugse at nokon måtte snu. Var det på den tid at dei ikkje kunne ligge på låven,

måtte dei ligge på golvet inne i stogo der me sjølve og låg. Det kunne bli trongt då, med all «pargassen» dei hadde med.

Hesjetråden Klokke Johan hadde med seg, blei til mange rare ting. «Tanke-låsar» til ongan, uppsatsar til seta varme ting på, flaskebostar, lampebostar – det måtte mest alle ha. Det var berre parafinlampur i «avkrokan» på den tid, so ein måtte ha lampeboste når lampeglasset hadde sota so glasset vart heilt svart. Det stod Lars Larsen på glaset hugsar eg. Alle som dreiv med bostearbeid spurde etter «Råstoff» – avklypte heste- og kurovur! «Flaskekorkupdragarar» til oppdraging av korkar som hadde reist ned i flaska, var óg med i produksjonen. Dei var vanleg eit par dagar, so Klokke Johan hadde fenge arbeidt upp eit lager.

Når dei so tok til på vandringa att, var det Marja sin tur til å fara innom på plassane og selja.

Ståltråd-Petter

Eg veit ikkje anna navn på han. Han var ein einsam vandrar. Han banka forsiktig på døri, og baud «Guds fred i huset», når han kom inn. Sette seg og byrja gni den høgre tomme mot peikefingeren, han hadde truleg øydelagt den med syra han bruka under arbeidet. So kom det stillt om han kunne få ligge der ei natt, eller to, og om han kunne få låne eldhuset, for han hadde fenge nokre kaffikjelar på turen oppetter på vegen som skulde «fortinast», og so var det so godt å arbeide – der uppe ved peisen.

Det var moro sjå på når han fortina kjelar. Han reinska kjelen med syre, «for at den skal ta fortinninga», sa han. Deretter la han tinklumpar i kjelen, korka den i tuten, og blanda so saman mjøl og vatten til ein deig som han smurde rundt lok, og alle stader det var opningar. Tok so kjelen over varmen, «hita» den upp og tok til slenge og vende på den, rundt og rundt, att og fram, til han meinte den var ferdig. Når den var kald opna han den. Den skein som ei sol! Han mulla og småsong med han arbeidde. Der kom og litt småplystring når han var nøgd med arbeidet. Han var ein meister til å «småkrulle» ståltråden til mange nyttige ting.

Han reiste like stille som han kom.

Farne tider . . . Nå er det bokseljærar og støvsugar-agentar som rasar rundt i blanke bilar.

Arne Nordskog

Segn og soge langs Kviteseidvatnet

Det susar segn og soge langs strendene og dei gamle buplassane ved Kviteseidvatnet.

I gamal tid var vassvegen den vissaste måten å koma fram på, og difor knyter det seg mange minne her. Millom Kviteseidvatnet og Bandak gjeng ein smal straum som knyter desse saman, og hev fenge navnet Strauman. Eg vil her taka lesarane med meg på ein liten rusletur i gard og grend. Omlag 3 km nord for Kviteseid Kyrkje ligg Nordskogs plassane. Det er Uppistog, Nistog og gamle Nigard. Uppistog Nordskog skal vera rudt omkring 1640 av ein «Ole Jansen Snedker».

Det var mykje tussar på Nordskog i gamal tid. Ei liti jente hadde fenge ein geitonge av mor si. Ein dag hadde geitongen kome burt og dei trudde tussane hadde teke den. Mor til jenta gjekk attom stova og ropa opp mot nuten: «Hev de meir rett til geitongen enn me hev, so fær de i Guds navn ha den!»

Med eit stod geitongen ved burshella. Oppe i Nigardsåsen var det tussane heldt til, og jamleg føre jol kunne folki på Nordskog både høyre og sjå dei. Dei hadde som barneskremme: «Nå må de ikkje reise nokon stad ongar, for nå kjem tussane i åsen!»

Lengre sud i Strauman vil me sjå på andre sida av vatnet høgt oppi fjellsida nokre steinheller liggande oppå kvarandre, og som blir kalla «Risens pengeskrin». Det seiest at stortjuven Ole Høyland hev gøymt ei skrepp med sylv her. I Straumanvisa som er dikta av Anders Strømstad heiter det:

«Om Strauman denne visa sko dreia seg so smått, der ser du bratte Skreun og Grøntorvfjell so blått. I dette sønste fjellet ligg røsens pengeskrin, tri steinar ligg der uppi og bort i nuten skin.»

Anders, mannen på Nigard Nordskog ville eingong klive opp å sjå um det var pengar å finne. Han laga seg ein lang stige, for det siste stykke i berget var det uråd å koma utan. Komen godt og væl oppi nuten, kom han til å sjå burt til heimen sin og fekk sjå at stova hans stod i ljøs loge. Han snudde heimatt so fort han vann, og då han kom so langt at han såg væl heim, vart han mykje undren då han såg stova stod som då han reiste. Han skyna no at det var tussane som hadde vore ute med kunstene sine. Anders freista ikkje seinare på å koma opp til Pengeskrinet.

Me reikar vidare og kjem framom Mariskorta. Dette er ei skorte i fjellet der det er uråd koma utan båt. Eingong rodde Kaptein Bjerring saman med kona Karen frå Gulløy ut Straumen til Kviteseid gamle kyrkje ein messesundag. Kjer-ringi skulle vera so vond, og straks dei kom på vatnet, kom ho i ugreie med

mannen. Kapteinen rodde då inn og sette ho av i skorta med han sjølv rodde vidare til kyrkja.

Kjerringi var nok ikkje blidare då han kom attende. Dette hende straks etter 1750. På den tid, og ei tid både før og etter, budde dei militære på Gulløy.

Frå fyrsten av heitte nok skorta Karenskorta, men med åri har vel namnet endra seg. Skorta heiter også Grøntorv for det er alltid grønt gras der om sumaren.

Lenger nede kjem me til «Lårdalstøe» der lårdølane la til med pråmane i gamal tid når dei skulle til gamlekyrkja.

No hev me kome so langt at me er ved Smedodden. På den andre sida ligg ferjestaden Spjotsodd som ikring 200 år var ferjestad med stor ferdsel både til aust og vest. På Spjotsodd var det brennevin og lossement å få. Etter ei kveik med brennevin på Spjotsodd kunne ein taka inn på Sorgenfri. Ein liten plass millom Spjotsodd og Sundet. Her kunne ein fylle vidare på og verta fri alle sine sorger. Denne plassen kalla dei òg «Fyll på».

Rundar ein Nesåsen hev ein utsyn mot Brakandalen på austsida av Kviteseidvatnet. Her oppe låg ein stor gard i gamal tid. Me kjenner segni om «Tussen i Brakandalen». Folk der var so ille plaga av tussar kvar joleftan, at dei måtte sitja i fjøset.

På toppen av Brakandalsnuten gjeng der mot nord eit par bergklovur. Det er omlag 50 m millom dei, og dei er so djupe og breide at ein ser dei langan leid. Desse klovune vert kalla «Riselåmi». Ein rise freista løype på ski frå toppen og ned på ei myr. Det gjekk bra heile fjellsida, men då han kom ned på flati datt han og det vart eit stort hoi i myri. Dette er opphavet til Brakandalstjønni. Risen gjekk vidare ned lia til Kviteseidvatnet, for han skulle oppover dalen. Då han kom til vatnet vassa han oppover og då han kom midtfjords nådde ikkje vatnet lenger enn til knei. Opp gjennom Strauman tykte han at det var lite vatn for her nådde det ikkje lenger enn til oklo. Men Bandak var ein djup pytt, sa han. Her skvalpa det vatn heilt opp til øyro.

Det seiast at garden Neset var husmannsplass under Brakandalen, men seinare blei det omvent.

Ein joledag Brakandalsmannen skulle til kyrkje og fór framom Neset trefte han husmannen sin. Både gardmannen og husmannen var kjempekarar og før dei reiste til kyrkja hadde dei drukke dugleg av det sterke ølet på Neset. Då dei kom opp i Nesåsen der den gamle vegen gjekk skulle dei prøve kreftene sine og det enda med at Brakandalsmannen låg att død. Den dag i dag ser ein store flekker som minner om blod avteikna i berget. Mannen på Neset sende ein gong karane sine opp i Brakandalen for å køyre tømmer. Han nista dei ut for heile veka, og då laurdagen kom ville Nesbonden opp å sjå til karane. Men han undra seg storleg då han kom i tunet og såg at det berre gjekk veg frå stova til stallen, men ingen veg til skogs. Han gjekk inn og fann karane som berre sat og

dova seg ved gruva. Han blei dugaleg vond og tok til å sjelle for dovenskapen deira. Då var det ein gut som sa at han måtte berre teia still og pakke seg snøgast attende til bygda, for elles kunne det bli fare for livet hans. Tømmeret skulle nok koma ned til helgja likevel, han trong ikkje bry seg med det. Nesmannen blei framleis ståande, men guten meinte det var ramme alvor, og om han ikkje flaug som ein fugl kom han aldri levande heim. Då vart mannen redd og tok til beins. Han var ikkje komen langt før det kom rennande stokk etter stokk nedover fjellet. Han skreik og sprang og tømmerstokkane susa forbi han. Høgt oppe på ein bergknaus stod ein tusse og ropa:

«No gjeng bruke i Brakandalen!

No gjeng bruke i Brakandalen!»

I fjellet Brakandalen budde ein rise som ein gong kom som gjest til ein bonde i bygdi. Risen hadde ikkje sett hønur før, og blei dugleg skremd. Då bonden seinare kom på vitjing til risen tok han hevn og let bonden sitja under ein kvernstein som risen hadde hengt opp i ein tunn trå. Mannen blei livredd, kan du vita.

I Høgås budde ein jutul som heitte Jørund, og gygri heitte Svånaug. Høgås hadde vore heimen deira i mange hundra år. Men so vart kyrkja sett opp på vestsida av Kviteseidvatnet og då fekk dei ikkje fred for kyrkjeklokkene. Dei ville difor øydelegge kyrkja med steinkast. Først skulle Svånaug kaste. Ho tok ein stor stein som dala ned i straumen nordom Sundet. Steinen ber navnet «Svånaugsteinen». Då sa Jørund: «Du kasta som ein stakkar!» Jørund kasta ein stor stein som ruvde meir avdi han var flat, denne dala ned eit stykke lenger ute. No skyna dei at dei ikkje makta å øydelegge kyrkja, og dei laut flyta frå Høgås.

Ute i Kviteseidfjorden ligg Bukkøy. Det er den største øy i vassdraget med eit areal på 0,4 km². Her ligg òg eit lite gardsbruk som det hev budd folk på i tider attende, men var avfolka for fleire år sidan.

Bukkøy var i eldre tid eigedom under Borgestad gard, men vart gjeve til pressten Hans Paus i Kviteseid. Hans Paus var litt av ein diktar og skreiv godt. Det beste han skreiv er truleg eit dikt til Fru Anne Arnold på Borgestad. Diktet er skrive på «fjeldsk» som det heitte, og byrjar slik: «Stolt Anne hon bur uppå Borgestad gard.» Diktet stend i Landstad samlingar og er på heile 12 vers. Som løn for dette fekk Paus Bukkøy, og ein lyt vel sei at dette var ei raus diktarløn. Denne visa høyrer til dei eldste visene på landsmål. Hans Paus var sokneprest i Kviteseid frå 1683-1715.

Ved foten av Kviteseidkleivane smøygjer vegen seg utetter mot Fjågesund. Her ved krysset ligg Kviteseid Bygdetun med sine særmerkte gamle hus og loft. Ved sida av Bygdetunet ser ein den gamle kyrkja frå 1100 talet, og Kviteseid gard som fram til 1869 var prestegard. Til denne garden knyter det seg mange segner og soger, og mange kjente prestar hev hatt tilhald her. Ein kan nevne Zetlitz, Winfeld og Landstad. Her var det Landstad tok til å samle folkeminne, og her dikta han fleire salmer. Det stend ei lind i denne hagen, ho skal vera fleire

hundre år og greinar seg i fire kjempegreiner. Rundt stammen måler ho 9,5 meter. Her i denne lindi blei det byggt eit lysthus, og det seiast at her sat Landstad og skreiv.

Frå 1779–1809 var O. B. Storm kappelan hjå prost Windfeld. Han skulle ha svarteboki, og Vinje seier at han var ein raring. Han var av bygdefolket kalla «Luse-storm», avdi han var so lusut. Han var glad i lusi, kunne ta ho fram og legge ho på bordet; «Se det deilige dyret», sa han.

Storm kom ein vinterdag køyrande frå Nissedal, fortel dei. Det var uført og tungt for hesten å draga og meien gjekk tvers av. Brått sto Djevelen ved sida av sleden: «Det er du som har skuldi», skreik presten. Det enda med at Djevelen måtte leggja seg under sleden som mei og slik køyrde dei heim til prestegarden.

Etter som Storm hadde svarteboki var han fyrivar. Ein dag ropa det frå fjorden: «Tidi er komen, men ikkje mannen!» Presten sa då til folki sine: «Kjem det ein mann, so lat han ikkje fara forbi». Litt etter kjem det ein mann som skulle ro utover fjorden. «Reis ikkje», sa Storm. Han fekk tenestejenta til å hente eit glass vatn i fjorden og gav mannen, og brått døydde han.

Slik fekk presten han i vigd jord, elles ville han kome til å drukna ute i fjorden, meinte presten.

Den presten som er mest kjent utanom Landstad er Zetlitz som var prest her frå 1811–1821. Zelitz er det mange hermur etter. Ein som heitte Olav var ofte i prestegarden i arbeid. Denne Olav var ein morosam kar, og han og Zelitz hadde mykje moro saman.

Ein gong skulle dei laga seg som kyrne – dei ville leggje seg som kyrne gjer. Presten freista først, so Olav. Då Olav la seg, gav han ut ein lang pust og eit drøn plent som dyri gjer. «Det glemte jeg», sa presten. So skulle dei leike småborn, dei fekk seg noko graut og mjølk og dei rørde og slurpa og åt so mjølki rann frå munnvikane. Presten sette fatet frå seg, men Olav kvelvde sitt over hovudet so mjølka sila og rann nedetter kjakane. «Det glemte jeg sandelig også», sa presten. Zetlitz gav han ei flaske brennevin for dette.

Ein gong var Zelitz og nokre andre på Sandvik og spela kort. Djevelen var óg med i dette kortspellaget, men dei andre visste ikkje at det var han. Men so fekk dei auga på hoven, og Zetlitz tok ei nål og stakk hol i blyruta og mana han ut gjennom dette. Han aua og skreik fælt, men han måtte ut.

Ein mann som var besett av den vonde, kom dei med til presten for å få han til å drive den vonde ut. Han var rasande slik at fleire karar måtte fylgja han til prestegarden, dei hadde bunde han i lekkjer. Ei jente frå Bekkhus tente der, og ho måtte fyre opp på eit rom som mannen vart ført inn på. Dei la mannen i ei seng, og presten gjekk burt til sengi, mannen bar seg ille, banna og spente og sputta på presten. Presten arbeidde med han i over tri timar og tilslutt logna mannen seg etterkvart. Då det blei stille for mannen, kom det ei svart bikkje krypande fram under sengi og beit seg fast i beinet på presten. Presten gjekk so

burtover til kyrkja. Det var måneskin og jenta såg presten slæpe seg fram, med bikkja hekk i beinet heilt fram til kyrkjeporten. Då laut bikkje sleppe og ho vart burte med eit.

Ein gong presten Storm sat heime i prestegarden, hørde han det ringde med kyrkjeklokkene um kvelden. Det var berre presten og tenesteguten heime. Presten sa då til guten at um det ringde tri gonger, skulle guten vera med burt til kyrkja. Jau, det ringde tredje gong, og dei reiste. Presten hadde på seg prestekjolen og tok Bibelen med. Då dei kom til kyrkja gjekk presten inn, men guten stod att ute. Inne i kyrkja sat det fullt av svartkledde folk. Presten var lenge i kyrkja, og då han kom ut, såg guten at var han drivande våt av sveitte. Det var daudingar presten hadde vore saman med i kyrkja den natti.

Reiser me vidare utover Fjågesundvegen kjem me til plassar der det knytter seg mange soger til. Her ligg plassen Vigdeil, ein gjestgjevarstad med brennevinshandel i gamal tid.

På søndre Lia ligg Brusehola, ei hule der det i si tid heldt seg ein fredlaus som heitte Bruse. Ende utom Lia er Kallodd og Segelberget. I dette berget var synleg ein båt med segl. På andre sida ligg Tjovik og Ormfarberget. Her er ei skore i fjellet etter sjøormen i Kviteseidvatnet. I ei liti tjønn i Austnåhei heldt det seg ein sjøorm som voks og blei so stor at tjønne blei for liti for han. Ein varm sumar-dag legg han ut for å finne seg betre plass. Det var gruveleg å sjå korleis han lykkja seg å skaut seg fram ivi rustir og ulænde og braut ned alt som kom i vegen. Sloa etter han ei breid renne i jordi, skal enno finnast å sjå. For folk som hadde si ferdslø på Kviteseidvatnet blei ormen til mykje mein.

Alle var redde og måtte kroke seg i land der ormen var å sjå. Tilslutt sende dei ein mann til den «vise fenta» i Sauherad for å spørja om ho visste ei råd for å bli kvitt dette ubeiste. Jau, dei skulle skjera ei heil mengde med hasselteinar og skava væl av borken og kvesse dei i baa endar. So skulle nokre hardbalne karar ro mot ormen å kaste teinane til han. Dei gjorde som «fenta» sa og ormen slukte teinane og tilslutt vart han so full av desse teinane at han sprakk. Seinare er det ikkje sett sjøorm i Kviteseidvatnet.

Ei anna segn fortel at hjulbåten «St. Olav» var på veg opp Flåvatn, og då såg ferdafolket at ein stor sjøorm kom tilmøtes med båten. Kapteinen gav ordre å manøvrere slik at ormen kom inn i skovlane, og her blei han slegen i småbitar. Delane av ormen flaut i land ved Grotevje i Flåbygd, og etter måla måtte ormen ha vore omlag 8 tommar tjukk.

Like over Fjågesundstraumen hev me «Dårelaupet», ei smal hylle i ein stup-bratt fjellvegg. Ein mann skulle avrettast i gamle dagar, men då fann dei på at dersom han greidde å gange over her, skulle han få leva. Mannen gjekk over og fall ikkje ned, som dei hadde venta. Men no tykte han at han var slik ein glup kar, han ville gå attende óg, men ovmotet hans vart straffa, han fall ned og slo seg i hel på flekken. Sidan heiter staden «Dårelaupet».

Lenger ute ligg to steinar «Sondbygdstabben» og «Flåbygdkulen». Her endar Kviteseidvatnet.

Lenger ute i Fjågesundstraumen ligg plassen Knutskås oppe i urda, og det seiest at visa om Anne Knutsdotter er skrive um denne plassen, men det er heller uvisst.

Jutulbrua ligg ute ved Bergsto. Det var eingong ein jutul (troll) som ville bygge bru over til Bergsto. Han var lei av å vasse, og i urder og fjellsider fann han stein som han sleit og bar på til vatnet for å bygge bru. Det gjekk bra frå først av, men etter kvart han kom lenger ut trongs det meir stein. Til slutt gav han opp, men bruarbeidet, omlag 50 m langt, er synleg den dag i dag, og ber navnet Jutulbrua.

Harald Oppebøen.

Kornmagasina i Kviteseid kommune

I siste halvdel av 1700 var det mange naudår i Noreg. Kornhausten slo ofte feil, og det danske kornmonopolet hindra fri korninnførsle frå andre land. Folk svalt og sjukdom herja. I verste åra vart kornmonopolet teke vekk, men innført straks det vart betre kornavlingar.

I ei «Forordning av 1785» forbaud regjeringa all luksus i klede og mat, og påbaud sparing. Til brudlaup måtte bøndene ikkje beda fleire enn 32 menneske, og det måtte bare setjast fram fire rettar mat. Kaffi og brennevin måtte slett ikkje serverast.

Tanken om å skipa kornmagasin for å skaffe såkorn etter misvekstår, kom opp. Dei fleste stadene var det bøndene som arbeide for dette.

Første magasinet her i landet, vart bygd i Ulvik i Hardanger i 1775. Derfrå spreidde tanken seg vidare.

I 1785 fastsette kongen at salssummen av statsalmenningane skulle bli fond for «innredning» av bygdemagasina.

Året etter sende Rentekammeret i København ut «Plan for Bøidemagazineres oprettelse i Norge».

Tanken med magasina var at det skulle lånast ut korn til «Jordbruger og hans Husmænd, der enten selv er sufficient (god nok) eller kan stille Kaution».

I Bratsberg Amt som Telemark då heitte, var amtmanden Jonas Ramus drivkrafta. Det var likevel bare i Øvre-Telemark, særleg Vest-Telemark det vart fart i arbeidet. Dette kom nok for ein stor del av at futen Cloumann og soren-



skriverane Wamberg og Lange gjekk så fullt inn for saka. Det same gjorde sokneprest Windfeld.

I Kviteseid blei spørsmålet om å bygge kornmagasin lagd fram på tinget 2. oktober 1789 og vedteke av bøndene.

Prost Windfeld gav tømmer or prestegardskogen og fri skur på saga. Cloumann gav takstein frå tegelverket han dreiv på Flatin. Bygginga blei bortsett til Halvor Berge for 51 Spd. Christoffer Blom på Neset baud seg til vera magasinforvalter.

Magasinhuset i hovudsoknet vart bygd på gamle Kviteseid prestegard, visstnok i kanten av prestegardsjordan mot plassen Smeodden, ikkje langt frå vatnet og tett ved vegen.

I Brunkeberg vart magasinet bygd på Uppå-Staulen som kyrkja åtte. Magasinet i Vrådal vart bygd i nærleiken av kyrkja på Roholt.

Flåbygd, som den gongen høyrde til Kviteseid, bygde ikkje magasin.

I 1789 vedtok også Nissedal, Fyresdal, Mo, Vinje, Lårdal og Seljord å bygge kornmagasin.

Det var faste «kondisjoner» (reglar) for korleis magasinhusa skulle vera. Huset skulle stå på 9 stolpar og vera 9 alner langt og 7 alner breitt innom lafta, bygd av godt og stort furutømmer.

Romet inni skulle vera $3\frac{1}{4}$ alner høgt og godt medrege (ei alen var 0,6275 m). Under taksteinen skulle det vera forsvarleg lagt bordtak. Golvet skulle vera minst 3 tummar tjukt og tett lagt. Bjelkane måtte vera minst 9 tummar i kant. Døra skulle ha sterke hengsle og ha «tvende sterke Taskelåser». Under kornbin-gane skulle det leggjast tunne steinheller.

«Tvende Mænd af Almuen udvælges til under bygningen at tilse at samme forsvarlig bliver gjort og at Væggerne vel bjelkehugges.» Ikkje greitt å bryta seg inn i slike hus, nei.

Kondisjonane blei nok haldne, stort sett, men det er truleg at husa ikkje blei bygde så store alle stader.

Til den fyrste «Beholdning blev skjænket 45 Tønner og 6 Skjepper Byg og 4 Tønner og 4 Skjepper havre.» Om dette var «Beholdninga» til alle magasin, eller bare i hovudsoknet, går ikkje fram av papira. Lageret auka ein del etter kvart.

Utlånet var frå 1. til 31. mai. Kvar lånar fekk låne frå minst ei skjepp (17 $\frac{1}{3}$ liter) til ei tunne (139 liter) såkorn. Lånet skulle betalast attende med godt og reint såkorn og med tillegg av 4 nottungar (1/6 tunne) for kvar lånt tunne og tilsvarande for dei som lånde mindre, innan «Januari Måneds udgang påfølgende År».

Vart ikkje det lånde kornet med «Opmål» (tillegg) betala attende innan utgangen av februar, skulle forvaltaren kjøpe inn tilsvarande mengde såkorn på lånaren si rekning. Betala ikkje lånaren dette, skulle det drivast inn med utpan-ting «som ved Amtets Ordre foranstaltes».

«Sogne- og fattigbestyrelsen» var styre for magasin og valde forvaltar. Kvart år skulle det veljast to hjelpesmenn til vera med ved utlån og attendebetaling.

Magasina skulle, som nemnt, ha to låsar. Forvaltaren hadde den eine nyke-len, og hjelpesmennene den andre.

Sorenskrivar Wamberg hadde laga reglane for husa og drifta. Reglane vart vedtekne på bygdetinga og var omlag like i Vest-Telemark.

I ei omtala om magasin i 1820 er det skrive: «Magasinerne i Øvre-Telemarken viste i enhver Henseende glædelig Fremgang og navnlig under Uårene ved Århundredeskiftet godtgjorde sin store nytte.»

Det visa seg etter kvart at magasinet på prestegarden låg ulagleg til, og det vart klaga på dette.

I august 1844 vedtok formannskapet at magasinet straks skulle flyttast til «en bequem Plads i Nærheden af Landeveien og Vandet.» Denne plassen fann dei på søndre Utsunds eige, utan at staden er nærare nemnd. Søndre Utsund blir no kalla Utsund-Haugan.

Tradisjonen seier at magasinet vart flytt dit småbruket Myre no er, men dette er på nordre Utsund.

Eldre folk minnest det stod holdsteinar utan hus på her, og fortel det var sagt at steinane stod att etter magasinhuset. Denne tufti låg tett ved den gamle vegen, men det er eit godt stykke til vatnet.

Paul Chr. Blom tok på seg å flytta magasinhuset. Vedtaket om flytjinga måtte godkjennast av amtmannen. Dette tok tid og det vart ikkje flytjing før året etter. Paul Blom fann då at han hadde teke arbeidet for billeg og bad om tillegg. Det fekk han ikkje.

Det blei også vedteke å flytta magasinet i Brunkeberg nærare kyrkja, men før dette kom vidare, vart spørsmålet om å leggja ned magasin teke opp att og saka utsett.

Eit eller anna måtte vera gale med magasinhuset i Kviteseid, for alt året etter flytjinga, søker Torbjørn G. Utsund om at det må «bevilges 23 Notting Byg for Reparation af Magasinhuset».

Kyrkjesongar Ole Bjørnsen var styrar av magasin både i Kviteseid og Brunkeberg i mange år. Han døydd i 1845, og lensmann Chr. Blom tok då på seg å styra magasinet i Kviteseid «dog ikke lenger enn til Mars neste År». Såve K. Groven tok på seg styringa i Brunkeberg. Han slutta snart for alt i 1846 tek Eilev Osmundtvedt over og held på til magasinet blir nedlagd.

Etter kvart blei det mindre bruk for magasin. Ole Blom, fyrste ordføraren i heradet, kjem alt i 1838 med framlegg i heradstyret om å avvikle ordninga. Han vil selje alt, både hus og kornlager og låne ut pengane «mod Pant i Jordegods og at Renterne deraf måtte anvendes til indkjøb af Korn der måtte uddeles av Fattigbestyrelsen til Trængende». Saka blir utsett, kjem fram att og sovnar bort ei tid.

I 1843 kjem saka oppatt. No går soknestyra i hovudsoknet og Brunkeberg inn for nedlegging, men Vrådal og Flåbygd er mot.

Flåbygd blir i 1845 skild frå Kviteseid og blir difor ikkje med i drøftingane vidare. Hovudsoknet og Brunkeberg søker kongen om at desse sokna får leggja ned sine magasin og nytte pengane til skiping av sparebank. Ein har ikkje funne at dei fekk noko svar. I alle høve blir det stilt til i 1848. Då gjer Tormod Knudsen, som då er ordførar, framlegg om å leggja ned alle tre magasin.

I heradstyret blir dette vedteke med 12 mot 3 røyster. Saka kjem fram att og no blir sal vedteke med 14 mot 4 røyster i samla heradstyremøte. I vedtaket var

det med at dei pengane som kjem inn, skal nyttast til grunnfond for sparebank i heradet.

Styra for magasina blir pålagde å selja hus og kornlager og få inn uteståande gjeld innan 1. februar 1849.

Då Kviteseid Sparebank opna 1. juni 1850, hadde det kome inn 524 Spd. og 44 Skilling. Dette er omlag 2.100 kroner. Den gongen kunne ein for denne summen kjøpa ein liten gard.

Kviteseid Sparebank vart ein verdig arvtakar. Han fekk ei større og vidare oppgåve enn magasina og kunne hjelpa mange fleire.

I vår tid med offentlege hjelpeordningar av alle slag, er det vanskeleg fullt ut å skjøna verdien, nytten og hjelpa kornmagasina gav. Dette tiltaket stod bygdefolket sjølv for utan tilskot frå nokon kant. Eit tiltak som hjelpa bygdefolk i om lag 70 år utan tanke om overpris, fortieneste eller vinning av noko slag.

Soga om kornmagasina og hjelpa dei gav bygdefolk, må ikkje gløymast.

Kjelder: O. A. Øverland: De norske Bygdemagasiner 1913 og fyrste kommunestyreprotokollen for Kviteseid.

Tor J. Skarprud.

Bunadregistrering i Kviteseid

Eg lova å skrive om bunadregistreringa i Kviteseid, korleis arbeidet kom i gang og korleis det gjekk.

Alt biletmateriell saman med registreringskorta er no samla i permar som er i biblioteket i Kviteseid. Dei som ynskjer det, kan sjå på det der. Kvar perm inneheld ulike typer plagg, t. d. stakk – ovaliv – skjorter osv.

Laget vonar at nokon vil studere dette materialet nærare, t.d. som grunnlag for ein studiering med emne folkedrakt/bunad. Med den store interessa som no er for bunad, burde det vera trong for noko slikt. Det er viktig å kjenne soga om dei gamle folkedraktene for å laga gode bunader med rot i tradisjonen i Vest-Telemark. Opplæring i dette området vert meir viktig ettersom me fjernar oss meir og meir frå dei gamle handverkstradisjonane.

I innsamlinga av gamle masketeknikkar i 1982 fekk me tak i ca. 300 gamle ting. Det var serleg strikka og hekla plagg, men også noko i meir sjeldne teknikkar som gimping og nålebinding. Alt gjekk bra og styret i husflidlaget tykte dette var ei god «svenneprøve» for liknande oppgåver seinare.

Ein hadde alt då tenkt noko på ei liknande registrering av folkedrakter/bunader i privat eige. Kviteseid bygdetun har noko draktmateriale, men det er lite i høve til det ein må rekne med framleis er teke vare på hjå privatpersonar rundt i bygdene. Sjølv om mange meinte det var lite gammalt av dette slaget i Kviteseid, ville husflidlaget prøve seg med registreringa. Ein planla å samle inn vinteren 1984/85 og så gjera unna registreringa og utstillinga våren 1985.

Hausten 1984 sende laget ut eit brev til alle husstandane i Kviteseid kommune der ein fortalde om planane laget hadde og at ein ynskte å få låne folkedrakter og bunader eldre enn 1940. Samstundes ville ein gjerne registrere barne- og dåpsklær.

I oktober heldt laget eit møte der Ingebjørg Gravjord, medlem av Landsnemnda for Bunadsspørsmål var med. Ho har arbeid med bunad, både praktisk og teoretisk, og ho heldt eit ypperleg foredrag om utviklinga av folkedrakt/bunad. Samstundes gav ho gode råd til dei som skulle gå rundt til folk og samle inn materialet. Dette er eit viktig arbeid. Ein må koma på talefot med folk slik at dei er viljuge til å låne ut tinga sine og at ein kan spørja om opplysningar ein treng. Di fleire opplysningar ein har om tinga, di meir verdfull vert registreringa.

Innsamlarane gjorde eit godt arbeid. Eit slikt arbeid tek mykje tid. Dei fleste innsamlarane tykte likevel det var ein triveleg jobb som dei personleg hadde mykje glede av og for registreringa var arbeidet deira grunnlaget.

I april prøva me å få eit oversyn om kor mange plagg me kom til å få inn. Det synta seg at sume stader gjekk det veldig bra, millom anna i Morgedal, der kvar

heim hadde fenge vitjing av innsamlarar. Andre stader var det ikkje fullt så godt, men med fleire innsamlarar gjekk det betre. Det såg ut til at me i alle fall skulle få inn rundt 300 plagg.

Då det til slutt synt seg at me i nokre delar av kommunen ikkje hadde fenge samla nokon ting, er det berre å seia seg lei for det. Måndag 1. juni 1985 møttest me i Moen aktivitetshus. Og no vart det liv i den gamle skulen. Husflidslaget fekk lov å bruka to skulesalar, kjøkenet og peise-stoga, vika ut. Og det var eit ypperlig hus til vårt bruk.

Og så kom det viktigaste, innsamlarane med øskjer, posar og sekker fulle av klær. Fleire bord måtte hentast frå andre høgda. Her kom meir enn nokon av oss hadde våga å vone. Det kom bort mot 700 nummer innan alt var talt opp, og endå var det fleire plagg på ein del nummer.

Registreringa kunne taka til. For kvart plagg skulle det skrivast ned mange opplysningar, så som materiale, vevemåte, kva prydnad (band, rosesaum) og fargar. For ein del plagg som t.d. ovaliv vart også måla nedskrivne.

Det var Ingebjørg Gravjord, Målfrid Grimstveit og Magni Karlberg frå Landsnemnda som var fagfolka og rettleide oss hjelparane frå husflidslaget. Utan den hjelp me fekk av dei, hadde me ikkje fenge til registreringsarbeidet. Arbeidsinnsats og humør var på topp frå kl. 08.00 til 18.00.

Torsdagskvelden laga me utstilling i begge skulesalane, og der var ikkje mykje ledig plass att. Utstillinga var open fredag og laurdag. Fredag kveld bad me inn til grautfest. Magnhild Gaastjønn kåsera om bunaden og synt til draktdelen på utstillinga.

Medlemene av laget sytte for nysteikte vaflar og kaffi baa dagane. Det var mykje folk innom og alle var imponera over kor mykje draktmateriale det var i kommunen.

Då laurdagskvelden kom, kunne medlemene pusta ut. Alt var attende hjå rett eigar og eit vellukka tiltak vel i hamn. Nokre av medlemene hadde då nesten «budd» i Moen heile veka. Me låg der etter tur for me våga ikkje å la så mange verdfulle ting vera i eit tomt hus om nettene.

Etter utstillinga var mykje arbeid att før det innsamla materialet var brukande for publikum. Alt som var skrive, skulle skrivast på kort og alle bilete festas på korta. Ingebjørg Gravjord skreiv korta og det er husflidslaget svært glade for. Ho var med under heile registreringa og med sine kunnskapar om Vest-Telemarksbunaden kunne ho rette opp moglege feilar. Husflidslaget tok so to kopiar av kvart kort, ein til eigaren og ein til laget si samling. Så skulle bileta festast på kopiane og kvar og ein putast i plastlomme. Til dette var det bruk for mange og flittige hender, og folk var enno ein gong lette å beda på. Laget samla 4 og 4 kvende til 4 timars arbeidsøktar og arbeidet gjekk unna. Etter to dagar og ein lang kveld med 10 kvende på arbeid var alle bileta på plass, alt i plastlommene og plastlommene sortera etter type plagg i permane.



Tone og Gunnar Omtveit.

Ættesoga: Svolsbru 222

På eit lagsmøte i juni 1986 vart samlinga overlevera Kviteseid folkebibliotek. Så litt om materiale me hadde fenge lånt.

Eg tek til med karkleda som me fekk lite av. Karane slutta å bruke bunad tidlegare enn kvinnene og det er få som har sett seg mon i å gøyne på desse kleda. Difor stor honør til dei som har gjort det. Me fekk låne den staslege gråtrøye-bunaden frå Osen av noverande eigar, Anne Flateland i Vrålosen. Eg nemner denne særskilt då det var den eldste heile kledningen me fekk inn. Her er bukse, trøye, vest, hatt, sokkar og votter. Bunaden har vore John Fjone sin, oldefar til noverande eigar og er frå 1830-40-åra.

Gamle stakkar fann me ikkje. Dei var oftast utan saum og vart slitne ut, eller sydde om. Folk har derimot vore flinke til å taka vare på liv, skaut, skjorter og silkeplagg.

Her fann me mange fine ting som ber bod om godt handverk, god form- og fargesans. I det heile syntest både snittet i kleda og arbeidet å vera betre i dei gamle plagg enn i dei nyare.

Heile bunader fekk me mange av. Dei er frå 1910 og fram mot 1940. Ein del av dette nyaste materialet er nok ikkje så interessant i dag, men det vil ha større verdi seinare. Særleg fordi registreringa vart gjort medan det var mange bunader frå denne tida.

Dåps- og barneklær tok me med fordi ein del av desse plagga ofte var pryda med rosesaum. Kinnlaga var ofte rosesauma. Eg må nemne eit med årstalet 1804, sauma med ullgarn på linstoff. Her er fargane like klare og fine som om plagget var nytt. Rosesaumen vart og nytta på dåps- og barneluvne og då tilpassa dei små plagga.

I det innsamla materialet var det både plagg som nesten såg nye ut og andre som var merkt av «tidens tann». Men alt bar bod om skaparglede og arbeidsinnsats og at noverande og tidlegare eigarar har sett verdien i dette og verna om det. Husflidslaget vonar denne registreringa kan vera ei hjelp til å føre alt dette vidare til nye ætter.

Materialet syner at Kviteseid har same draktskikk som Vest-Telemark elles.

Dette er den største oppgåva Husflidslaget har teke på seg. Alt i alt kosta det ca. 12.000 kroner og medlemmer og andre har bruka ca. 1000 dugnadstimar på det.

Det er mange å takka for at det gjekk så godt:

- eigarane av bunadmaterialet som synte husflidslaget tillit og lånde ut tinga sine.
- Kviteseid kulturstyre som løyvde pengar.
- Landsnemnda for Bunadspørsmål som kom 3 kvinner sterke og bruka i alt 10 lange dagsverk saman med oss.
- Moen aktivitetshus for rimeleg og godt husvære.
- Medlemene som tok på seg dugnadsarbeidet. Sjølv om det vart mykje arbeid, vonar eg at alle hadde glede av det.

Gunnvor Mandt

Kald graut

Ein varm sommardag sat arbeidskarane på eit sagbruk her i vest-Telemark ute i skuggen i middagskvila si.

Med dei sat slik og kvilde, kom ein gardbrukar med eit tømmerlass som skulle sagast.

Karane ville ikkje øydeleggje middagskvila si, og bonden ville ikkje vente og lesste av sjølv. Sola steikte og bonden vart sveitt – og arg på karane som sat.

- De likar dikkon godt i skuggen, karar! ropa han.

- Ja, de gjer me.

- De æ forskjell på folk. Eg må stræve heile dagen for dårleg betaling. Arbeid og stræv å bare kaldgraut til måls.

Ein av sagbruksarbeidarane lyfte på hovudet og ropa attende.

- De æ nå bare latskap de, du Olav. Du kan eta grauten mæ han æ varm!

Risen i Striplefjell

I Striplefjell ovom Homman i Kviteseid budde det i eldgamal tid ein rise. Ein dag fekk han tak i ein jentunge frå Homman med ho var i skogen og gjætte. Dei leita lenge etter jenta, men ho var og blei borte.

Åri lei og skrei og jenta blei vaksi og gift med risen. Då ho skulle i barnsølseng, ville ho endeleg ha mor si med seg og bad risen hente henne. Risen hadde ikkje noko i mot det. Han henta mori, og ho hjelpte dotter si.

Då barnet var fødd, tok risen og smurde det inn med ei salve. Etter alt var overstade, takka dei mori for god hjelp. Ho kom heim att, men visste ikkje korleis det hadde bore til.

Ei tid etter blei mori farleg sjuk, og dei trudde det var helsotti hennar. Risen spurde då kona si om ho ville sjå til mor si når ho var så sjuk. Du skal få lov til det, sa han, bare han var sikker på at ho kom attende. Det lova ho gjerne. Eg skal nok koma att, sa ho. Og så gjekk ho til mor si.

For å vera sikker på at ho kom att, knytte risen eit band om livet hennar. Sjølv stod han i fjellet og heldt i taugenden. Då tidi var ute, rykte han i tauget, og så måtte ho inn i fjellet att.

Mori spurde om ho ikkje gjerne ville koma ut av fjellet att. Men jenta sa ho hadde det mykje betre i fjellet enn ute blant kristne folk.

Etter den tid har ingen sett henne.

Etter Mytiske Sagn av Landstad.

Rosemålararen Jon Sørensson Sunde

Jon var son av rosemålararen Søren Breidalen og var rosemålar som far sin og litt av ein visediktar.

Han var fødd på Breidalen i 1783 og døydd på Strånd i Kviteseid i 1857. Jon og ætti hans finn ein meir om i Ættesoga under Breidalen 9.

Jon fór mykje omkring i bygdene i Vest-Telemark og måla ølbollar og sette på rim han laga. På Flekstveit hjå Sommund er ein gamal ølbolle Jon måla i 1820.

På bollen stend:

Drikker ronden og lad ingen gå forbi.
Når jeg er tom da taper Moder i.

På Lid i Tveitgrend er ein svær bolle Jon måla og rima slik:

Asken kalder man et træ
Øksen haver fældt mig ned
Svarveren haver gjort min krop
Maleren haver klædt mig opp.

Bursdøri på nedre Homman er også måla av Jon:

Ståe Hus i HERRENS fred på denne Plads og Bolig
For Ildens grusomhed - GUD lad mig leve rolig
Velsigne her det brød Du til mig deler ud
Tilgiv mig og min synd Du eviggode GUD.

Jon skulle vera betre til å måle og krote ut enn han var til å dikte. Kjempekar var han au. Ein gong hadde Tor Rolleivsson Lid teke ut med ei jente til Setesdal. Dei låg endå 3 jamdøger under Kassen, eit høgt fjell på vestsida av Bandak. Han var gift den same Tor'n.

Jon reiste til Setesdal og fekk dei heimatt. Korleis Jon greidde dette, veit me ikkje noko om, men Tor vart frå denne dagen eit viskeleg menneske.

Om dette seier stevet:

Og Tor Lid den spræke karen
han løp med Guri til Setesdalen
Dei løp avgarde som fantepakk
men Sørenssonen han tok dei att.

Det er fleire stev um den same Tor'n.

Jon var svært vissordig og vrangkjefta, og dette kom ofte fram i rimi honoms.

Ein gong måla han ei kinne for Margit Skolås. Kinna var visst svært svartvori (skiten). Då Jon såg kinna, sa han: «Ja, den kinna skal eg kje vera lenge med eg målar, for eg ser ho er undemåla.»

Ein annan gong skulle han måla ei ølskål for Olav Åsland. For dette skulle han hava eit kvartel jordeple (1/4 tunne). Jordepli han fekk, var visst fælt små.

Verset han måla på skåli, vart difor slik:

Dei undrast på meg både store og små
kos eg kunne setja dei rosune på
for dei jordepli var plukka so ørende små.

Han kom på tukthuset, Jon. Han hadde sagt til dei vidkjende Gullnes-tjovane: «Stel de, eg sko gøyme.» Det skulle visst vera på spøk, men han blei sett fast.

På forhøyret sa han: «Kjem eg på slaveriet, skal eg måla det upp som ei ølskål.»

Om han gjorde det, teier segni.

Etter oppskrift av KS i 1904.

Stølsjenta minnest

*Eg minnest min solvarme ungdom
i hei og på setervoll.*

*Det susar ein song millom fjelli,
ein vemodsfull tone i moll.*

*Eg minnest dei lauvkledde liar,
eg minnest dei snaublåsne fjell,
og byljun som skvala i vinden
på tjønnan i solgull om kveld.*

*I tanken eg vandrar på viddi,
på steinute stigar eg fer.
Det solsvidde sel under fjellet
i draumane ofte eg ser.*

*Å, um eg kunne få fara
til støyls att med buferd ein vår,
høyre bjøllune syngja i lian,
kjenne fjellvinden struke mitt hår.*

*Her sit eg og lengtar og drøymmer
om glade og solfylte år.
Men haustlauvet drys over tunet
mot soleglad sagte det går.*

KRISTINE GJELSTAD

Kviteseid kommune 1986

14. januar 1987 er det 150 år sidan formannskapslovene blei vedtatt. Alle kommunar i landet vil i løpet av dette året markere jubileet. Dette vil vera eit fint høve for kommunen til å vise kva vi arbeider med og kva tenester kommunen kan yte. Dette vil vi koma attende til i løpet av 1987.

I desse 150 åra har kommunen hatt ei kraftig utvikling. I frå at kommunen hadde ein liten slump pengar til fordeling på skule og fattigkasse, til det kommunen har blitt idag, der den viktigaste oppgåva er å yte tenester til folk i kommunen. Det er klart vi kunne ynskje oss meir og betre tenester på mange område, men pengane set grenser og vi må fordele så godt vi kan.

Det er viktig at folk nyttar seg av det kommunen har å tilby og er du i tvil er det berre å spørje.

I året som har gått har det som vanleg vore mykje kommunen har vore med på. For den som sit midt oppe i det, kan det vera vanskeleg å skilje små frå store ting og det kan vel òg vera ulikt kva som er viktig for den enkelte.

I dei seinare åra har Kviteseid vist seg å vera ein god reiselivskommune. Vi har dugande folk som driv i denne næringa. Det har vore eit ynskje frå kommunen at det blir laga planar for vidare utvikling, og no er fyrste steget teke for å koma i gang med planlegginga både i Vrådal og Morgedal.

Telemarkskanalen har kome med for fullt i år og kommunen er med på utviklinga. Ein kan vel her nemne at vegen frå Lunde til Kilen blei fylkesveg frå 1. januar i år og at vegen frå Kilen til Østenå er i løypa for ei skikkeleg opprusting med tanke på å bli fylkesveg. Førebels får vi berre vone at det ikkje er så langt fram til det kan stå ei bru i Fjågesundstraumen.

Det som syner seg best i landskapet i år, er vel at mylla og kornsiloen i sentrum blei borte og at det no er full fart i byggjinga av fire nye forretningsbygg i staden. Det femte reknar vi med kjem i gang utpå hausten. Elles er det òg andre som er i gang med oppussing og tilbygg.

I Vrådal har det nye renseanlegget blitt ferdig og i desse dagar er spadene sett i jorda for eit nytt forretningsbygg. På Flatin i Kviteseid ser det no ut til at den nye idrettsbanen ved skulen skal bli ferdig. Like før ferien vedtok kommunestyret forprosjektet til ein idrettshall som skal stå på Flatland. Denne skal gje Kviteseid skule ei skikkeleg kroppsovingsavdeling og samtidig vera eit tilbod til alle som driv idrettsaktivitetar i kommunen. Vi vonar at denne står ferdig i 1987.

Dette var litt av det som kanskje har vore mest synleg i dette året.

Det som er den viktigaste oppgåva for kommunen er å gjera det slik at det kan vera arbeid å få, og at det kan vera triveleg å bu i bygda.

Til slutt vil eg rette ein takk til alle dei som legg ned ein stor arbeidsinnsats i frivillig lagsarbeid i kommunen. Alle som dreiv slikt arbeid er med på den beste måten å gjera Kviteseid kommune til ein triveleg stad å bu.

Helsing frå Kviteseid kommune

Johannes Skarprud
ORDFØRAR



*Etter å ha tent bygda i 136 år, skulle
ein kanskje tru at ein vart mosegrodd?*

VI TRUR IKKJE DET - -

Før som nå - ein moderne bygdebank



KVITSEID SPAREBANK

Filialar i Vrådal, Brunkeberg, Morgedal og Vråliosen

Aage Haatveit
Tlf (036) 53 278 3850 Kviteseid

*Alltid godt utval
i daglegvarer!*

MOEN DAGLEGVARE

Inge Teigen
Tlf. (036) 53 207 - Privat (036) 56 512
3850 KVITSEID

«BUI på FLATIN»

Hyggelege kundar - Hyggelege prisar

Betjening? - Døm sjølv!

Kom og slå av ein prat i eit hyggeleg miljø!



3850 Kviteseid
Telefon (036) 53 431



HANDARBEID
BUNADSYLV

Kviteseid Handelslag

Telefon (036) 53 138

Me fører alt i daglegvare

og finare kolonial

Mange gode tilbod

Kjøttvarer frå eiga slakteavdeling



ideene
spirer-

– Når man setter pris på sine medarbeidere og et kurs skal arrangeres, så husk at man i de rette omgivelser lærer bedre. Komme inn til kjernen av et problem og løse disse, er en

grupperom. Hotellet har 235 senger, 125 velutstyrte rom, hvorav 18 suiteer og spesialrom for handicappede. Svømmehall, dansebar med orkester, diskotek, bistro og restaurant. En stor og vennlig resepsjon er ellers et av hotellets møtested. Den ligger sentralt med heis som gir direkte innkjøring av bagasje og kursmateriell.



og Konferansesenter
3853 Vrådal – Telemark. Tlf. 036/56100



TELEMARK - NORWAY.

3848 Morgedal

Tlf. (036) 54 144

